

Berekraftsrapport 2024



SFE

Innhold

Konsernsjefens ord	3
1. BEREKRAFTIG SELSKAPSTYRING	4
Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten	4
Styring av verksemda	7
Administrasjon, leiding og tilsynsorgan si rolle	7
Informasjon gitt til leiande organ	7
Insentivordningar	8
Uttale om vurdering av aktsemd	8
Risikostyring og internkontrollar for berekrafttrapportering	8
Strategi, forretningsmodell og verdikjede	8
Verdikjede	11
Oppstraums aktivitet	12
Nedstraums aktivitet	12
Interessentar og interessentdialog	12
Identifisering og vurdering av vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter	14
Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter	15
2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET	17
EU-taksonomi	17
Status i høve miljømål	18
Klimaendringar (E1)	19
Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter	19
Retningslinjer	20
Tiltak	20
Mål	21
Energiforbruk og miks	21
Klimagassutslepp i scope 1, 2 og 3	22
Klimarelatert risiko, overgangsrisiko og moglegheiter	22
Biologisk mangfald og økosystem (E4)	24
Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter	24
Retningslinjer	25
Tiltak og mål	25
Nøkkeltal	27
Naturrelaterte risikoar, overgangsrisiko og tilpassing	28
Ressursbruk og sirkularitet (E5)	29
Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter	29
Retningslinjer	29
Tiltak	29
Mål	30
Nøkkeltal	30
3. SOSIALE FORHOLD	31
Eigne tilsette (S1)	31
Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter	31
Retningslinjer	32
Samarbeid mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarrepresentantar	33
Forbetringsforslag og varslingskanal	34
Tiltak	34
Mål og styring	35
Informasjon om tilsette	35
Ikkje-tilsette arbeidadar i eigen arbeidsstyrke	35
Tariffdekning og sosial dialog	35
Mangfald	36
Tilstrekkeleg løn	36
Sosial beskyttelse	36
Helse og tryggleik	36
Balansemål mellom arbeid og privatliv	36
Kompensasjonsmålingar (lønnsgap og total kompensasjon)	36
Hendingar, klager og alvorlege påverknader knytt til menneskerettar	36
Arbeidarar i verdikjeda (S2)	37
Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter	37
Retningslinjer	37
Vurdering av aktsemd	37
Tiltak	37
4. LOKAL VERDISKAPING	38
Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter	38
Retningslinjer	38
Tiltak	39
Nøkkeltal	40
Bruk av lokale leverandørar	40
Mål	40
5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID	41
Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter	41
Retningslinjer	41
Tiltak	41
Forsking og utvikling (FoU)	42
Mål og nøkkeltal	42

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av
berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

Konsernsjefens ord



Berekraftsmål nr.7: Rein energi til alle, er berebjelken i alt vi gjer. Samfunnsoppdraget vårt er å produsere fornybar energi, på ein mest mogleg skånsam og berekraftig måte. All energiproduksjon er bruk av natur og i dette ligg det eit stort ansvar i å forvalte felles naturressursar på ein god måte.

Frå 2007 til 2024 har vi dobla straumproduksjonen vår, og vi har store utbyggingsplanar i åra som kjem. Å ta omsyn til natur, dyre- og planteliv og omgjevnadene er ein del av oppgåva vår når vi hentar energi frå naturen gjennom vass- og vindkraft. Saman skal vi, med dette som grunnlag, bidra til lokal industriutvikling og lokale arbeidsplassar, sikre verdiskaping for eigarane våre og bidra til bulyst i lokalsamfunna våre.

I 2024 styrka vi innsatsen vår i berekraftsmål nr. 17: Samarbeid for å nå måla, ved å etablere selskapet Nyvinn. Gjennom samarbeid med andre, skal Nyvinn bidra til auka aktivitet og vere ein grøn katalysator i regionen vår. Selskapet har utspring i frå avdelinga «Berekraftspartnar» og hadde i 2024 to tilsette, med fleire på veg.

Denne rapporten tek utgangspunkt i ESRS (European Sustainability Reporting Standards) sin struktur. I arbeidet med å identifisere vesentlege berekraftstema, har vi utført ei «dobbel vesentlegheitsanalyse». Vi har sett på kva faktorar som SFE påverkar og kva som skapar moglegheiter og risikoar for SFE, ved å kartlegge IRO-ar (impact, risk and opportunity).

SFE har levert frivillig berekraftsrapportering sidan 2021. Eg vil takke samarbeidspartnarar, eigarar og alle våre dyktige tilsette for deira engasjement og innsats i året som gjekk. Saman skaper vi den fornybare framtida!

– Knut Arild Flatjord

Innhold

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5. MYNDIGHETSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

GRUNNLAG FOR UTARBEIDING AV BEREKRAFTSRAPPORTEN

(ESRS2, BP-1)

Det er utarbeidd frivillig berekraftsrapportering etter den europeiske standarden ESRS (European Sustainability Reporting Standard) for 2024. Rapporten er ikkje revidert eller attestert.

Rapporten er skriva for konsernet Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) og selskap som er konsolidert i årsrekneskapen til konsernet. Dei konsoliderte selskapa er SFE Produksjon AS med dotterselskap Svelgen Kraft AS, Svelgen Kraft Holding AS, Firdakraft AS, Lutelandet Energipark AS og utviklingsselskapet Nyvinn AS. Jølstra Kraft DA er konsolidert med bokført brutto. SFE er driftsoperatør for alle desse kraftverka, bortsett frå kraftverka i Jølstra Kraft DA, der Eviny Fornybar AS er operatør.

Tilknytte selskap (TS) til SFE-konsernet er Enivest AS, Wattn AS, Linja AS, Innvik Kraftverk AS, Gloppen Energi AS, Fossheim Energiverk AS, Renantis Norway AS og HyFuel AS. Av desse er SFE Produksjon AS driftsoperatør for kraftverka til Gloppen Energi AS og delvis operatør for Innvik Kraftverk AS. Ved Lutelandet Energipark AS er Nordex operatør for vindturbinane medan SFE har ansvar for høgspenitanlegget, samt oppfølging av Nordex og forebyggjande vedlikehald og tilsyn av energiparken i sin heilskap.

I tillegg til å utøve eigarskap ovanfor dotterselskap og tilknytte selskap, er SFE AS eigar av eigedomen og hovudkontoret Strandtun på Sandane med tilhøyrande bygningar og uteareal, samt ei handfull andre eigedomar som vert nytta av SFE-konsernet (bustadhus, bedriftshytte og leilegheit). SFE AS leiger ut kontorlokala på Strandtun med naudsynnte funksjonar, inkludert kantine og tenestebilar til persontransport, til selskap i konsernet og til tilslutta selskap. Hovudkontoret på Strandtun er sertifisert som Miljøfyrtårn.

Berekraftsrapporten dekkjer verdikjeda til SFE oppstraums ved at innkjøpte varer og tenester er analysert og inkludert i scope 3 i klimarekneskapen (sjå kapittel om klimaendringar). Alle




klimagassutslepp som er rapportert i scope 1, 2 og 3 er basert på GHG-protokollen sin metodikk.

Når det kjem til vurdering av aktsemd i leverandørkjeda (sjå kapittel om arbeidarar i verdikjeda), er generelle, anerkjende kjelder knytt til materialar, aktivitetar og risikoland nytta som kunnskapsgrunnlag, samt verdikjedekartlegging av SFE sine oppstraums og nedstraums varer og tenester.

I høve ESRS-standarder skal det rapporterast på generelle opplysningar (ESRS2), og på vesentlege tema knytt til miljømessige forhold, sosiale forhold og forretningsetikk. Undertema under desse tre vart avdekka som vesentlege for SFE gjennom dobbel

vesentlegheitsanalyse utført våren 2024. I tillegg vart eit selskapsspesifikt emne «Lokal verdiskaping» vurdert som vesentleg og teke inn under rapporteringsomfanget (sjå figur side 6 og kapittelet om påverknader, risikoar og moglegheiter). Figuren gir også oversikt over berekraftstema som ikkje er vurdert som vesentlege for SFE. I oversikta er desse sett opp mot SFE sine utvalde berekraftsmål.

KONSERNSTRUKTUR



Innhold

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5. MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

VESENTLEGE BEREKRAFTSTEMA FOR SFE

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

Miljømessige forhold					Sosiale forhold				Forretnings-etikk	Selskaps-spesifikk
E1 - Klimaendringar	E2 - Forureining	E3 - Vatn og marine ressursar	E4 - Biodiversitet og økosystem	E5 - Ressursbruk og sirkulærøkonomi	S1 - Eigne tilsette	S2 - Arbeidarar i verdikjeden	S3 - Lokalsamfunn	S4 - Kundar og sluttbrukarar	G1 - Forretningsetikk	Lokal verdiskaping
Klimatilpassing	Forureining til luft	Vassuttak	Tap av biologisk mangfold	Tilførsel av ressursar, inkludert ressursbruk	Arbeidsforhold	Arbeidsforhold	Lokalsamfunn sine sosiale, kulturelle og økonomiske rettigheter	Informasjonsrelaterte påverknader for forbrukarar og/eller sluttbrukarar	Bedriftskultur	
Begrensing av klimaendringar	Forureining til vatn	Vassforbruk	Påverknad på arters tilstand	Utførsel av ressursar relater til produkter og tjenester	Lik behandling og moglegheiter for alle	Lik behandling og moglegheiter for alle	Lokalsamfunn sine sivile og politiske rettigheter	Personleg tryggleik for forbrukarar eller sluttbrukarar	Beskytting av personar som varslar	
Energi	Forureining til jord	Vassbruk	Påverknad på omfanget og tilstanden til økosystem	Avfall	Andre arbeidsrelaterte rettigheter	Andre arbeidsrelaterte rettigheter	Særskilte rettigheter for urbefolkning	Sosial inkludering av forbrukarar og/eller sluttbrukarar	Dyrevelferd	
	Forureining av levande organismar og matressursar	Vassutslepp i vatn og hav	Påverknader og avhengigheiter av økosystem-tjenester						Politisk påverknad	
	Bekymringsfulle stoff	Degradering av habitat og press på marine ressursar							Handtering av relasjonar med leverandørar, inkludert betalingspraksis	
	Svært bekymringsfulle stoff								Korrupsjon og bestikking	
	Mikroplast									



Vesentleg for SFE



Ikkje vesentleg for SFE

Styring av verksemda

SFE forhold seg til tilrådinga frå NUES (Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing) når det gjeld eigarstyring og selskapsleiing. SFE er ikkje blant selskapa som pliktar å følgje NUES si tilråding, men vi har valt å følgje denne innanfor dei rammer som selskapet si organisasjonsform og eigarskap tillét. Foretaksstyringa er basert på vedtektene og styrevedtekne verdigrunnlag og styringsprinsipp. Ut frå dette skal etablerte styringsprosessar og organisasjonen skape aktivitetar som sikrar målrealisering og kontroll. På SFE si heimeside vil ein finne SFE si vurdering av status i forhold til NUES si tilråding.

Gjennom styreforankra innkjøpsstrategi og verdi- og etikkplattform for tilsette skal vi sikre at SFE si verksemd er i samsvar med eigarar og samfunnet sine etiske forventingar. Openheitslova er også med på å auke fokuset på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold hos våre leverandørar og i vår verdikjede. Som eit ledd i dette må alle våre leverandørar signere på at dei vil følgje SFE sine etiske retningslinjer med omsyn til å etterleve gjeldande lover og reglar og sentrale FN- og ILO-konvensjonar innan ESG-området.

ADMINISTRASJON, LEIING OG TILSYNSORGAN SI ROLLE (GOV-1)

Konsernstyret og konsernleiing

Konsernstyret og konsernleiing er presentert i SFE-konsernet sin årsrapport for 2024 og vi viser difor til denne for nærare informasjon.

Fagområde berekraft

Styre og leiing i SFE-konsernet har tilgang på kompetanse om berekraftsforhold gjennom team berekraft. Dette teamet vart formalisert som eige team frå juni 2023, og organisert i stab-/støttefunksjonen i selskapet. Frå august 2024 vart team berekraft innlemma i den då nyoppretta avdelinga «strategi og organisasjonsutvikling» saman med fagområda HMS, kvalitet, HR,



strategiimplementering, og tryggleik og beredskap. Berekraftsteamet har to tilsette som samarbeider nært med avdelingsleiarar, fagleiarar og andre relevante medarbeidarar på tvers av avdelingsstrukturen. Teamleiar berekraft legg fram saker innan berekraft til både leiargruppa, konsernstyret, styra i dei konsoliderte dotterselskapa og revisjonsutvalet etter behov. I 2024 vart det teke avgjerd om at ein frå 2025 skulle ha berekraft som tema i kvart leiargruppemøte (månadleg) til liks med at ein alltid også har HMS på agendaen. Berekraftsrapportar og fråsegn knytt til vurderingar av aktsemd blir eigne sakar i SFE sine dotterselskapsstyrer og Konsernstyret.

I 2024 har teamet mellom anna hatt fokus på desse sakene:

- Dobbelt vesentlegheitsanalyse, gjennomført med brei deltaking frå ulike avdelingar i bedrifta, og med ekstern fagekspertise
- Klimarisikoanalyse
- Deltaking i strategiprosess
- Innfasing av verktøy for klimarekneskapsføring
- Dokumentasjonsgrunnlag knytt til miljømåla i EU-taksonomien
- Arbeid med vurdering av aktsemd og fråsegn knytt til Openheitslova
- Berekraftrådgjeving i prosjekt

INFORMASJON GITT TIL LEIANDE ORGAN (GOV-2)

I 2024 var det ikkje ei formalisert fast rapportering på berekraft inn mot leiinga og styret, men det vart orientert om relevante saker i leiargruppa, styra og revisjonsutval på tidspunkt og for saker då dei aktuelle organa hadde behov for det. Frivillig berekraftsrapport 2023 vart lagt fram for styra i SFE Produksjon og konsernstyret i mars 2024, og signert av konserndirektør. Fråsegn om vurdering av aktsemd var eigne saker i alle dotterselskap til SFE og desse vart signert i juni 2024.

Alle styremedlem i SFE sitt konsern- og dotterselskapsstyrer var samla til styreseminar i juni 2024. Då var berekraftsdirektivet og ESG-rapportering tema. Hovudfokus var kva juridiske rammer, ansvar og plikter som kviler på styret i høve pliktig rapportering. Revisjonsutvalet har i løpet av 2024 fått jamleg oppdatering frå team berekraft om status og framdrift i arbeidet med implementering av direktivet.

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5. MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5. MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

Våren 2024 gjennomførte SFE ein strategiprosess. Parallelt med denne vart arbeid med dobbel vesentlegheitsanalyse sett i gong, og informasjonsflyt vart koordinert mellom dei to prosessane. Leiargruppa hadde ansvar for strategiarbeidet, men bidrog også med input til analysa. Resultata vart presentert, vurdert og forankra i leiargruppa i juni 2024. Leiargruppa og dei tilsette i selskapet har delteke på ulike kompetansehevande aktivitetar innan ESG og berekraft internt og eksternt. I tillegg har det vore gitt informasjon i allmøte, intranett og infoskjermar på oppmøteplassar.

Konsernleiing og styre blir elles orientert om HMS, skader/ulykker, kompetanse, vassdrag, miljømål m.m.

INSENTIVORDNINGER (GOV-3)

SFE har ingen insentivordningar i form av bonusar eller variabel lønn til tilsette. Dette gjeld også i høve det å oppnå selskapet sine berekraftsmål.

UTTALE OM VURDERING AV AKTSEMD (GOV-4)

SFE har gjennomført steg 1 og 2 i OECDs aktsomhetshjul, dette er nærmare omtalt under S2 Arbeidarar i verdikjeda. SFE har foreløpig ikkje avdekket faktiske negative konsekvensar knytt til brot på menneskerettar eller arbeidsvilkår.

RISIKOSTYRING OG INTERNKONTROLLAR FOR BEREKRAFTRAPPORTERING (GOV-5)

Status for berekraftsarbeid er eit vesentleg punkt for revisjonsutvalet sine møteagendaer. Dei berekraftsrelaterte påverknader, risikoar og moglegheiter er kopla til selskapet sin strategiske handlingsplan.

STRATEGI, FORRETNINGSMODELL OG VERDIKJEDE (SBM-1)

SFE sin visjon er **Vi skaper den fornybare framtida**: Heilt sidan dei første fossane blei temde for meir enn 100 år sidan, har SFE gitt kraft til regionen. Rein vasskraft har gitt kraft til industri, lys og varme i hus og hytter, og levedyktige samfunn for framtida.

Vi skal levere på samfunnsoppdraget om å få fram berekraftig fornybar energi frå lokale naturressursar og gjennom samarbeid med eksterne aktørar bidra til løysingar for å redusere klimagassutslepp og elektrifisere samfunnet.

SFE er eit regionalt/lokalt eigd energiproduksjonsselskap som har som føremål å skape verdier basert på fornybare energiressursar. I dag er det i hovudsak energi frå vassressursar, men også frå vindressursar. SFE erkjenner at verda står i ei klima- og naturkrise. Vår største moglegheit og forretningsområde er å bidra til FN sitt berekraftsmål nr. 7 «Rein energi til alle». I tillegg har SFE valt ut fleire mål som vi har vurdert at selskapet har vesentleg påverknad på og moglegheiter til å bidra i riktig retning med. I «det grøne skiftet» er ivaretaking og auke av fornybar energiproduksjon ein føresetnad for å løyse klima- og naturkrisa med fokus mellom anna på å ta vare på livet på land og i vassdraga våre.

I 2024 vart utviklingsselskapet Nyvinn AS etablert. Selskapet har utspring i frå SFE si tidlegare avdeling «Berekraftspartnar». Gjennom samarbeid med andre, skal Nyvinn bidra til auka aktivitet, etablere nye lønsame arbeidsplassar og vere ein katalysator for det grøne skiftet i regionen vår. Det skjer gjennom prosjektinvesteringar og investeringar i oppstartsselskap som bidreg til å skape lågutsleppsamfunnet. I 2024 hadde Nyvinn to tilsette, men fleire er på veg i 2025.

SFE sin aktivitet bidreg til busetting i distrikta, kompetansearbeidsplassar og økonomiske ringverknader i lokalsamfunna; for kommunane, det lokale næringsliv, for grunneigarar og i det frivillige organisasjonslivet.



Innhald

Konsernsjefens ord

1. BERKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET


EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5. MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID



Figur 1. SFE sitt strategihus for strategiperioden 2024-2034.

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

Berekraft og HMS er ein del av fundamentet i ny strategi for SFE sin nye konsernstrategi. I det legg vi at SFE opptre på ein ansvarleg måte som balanserer omsynet til klima, natur og miljø, samstundes som vi tek omsyn til sosiale og økonomiske forhold. HMS er ein sentral del av vårt arbeid med berekraft, og vi prioriterer tryggleiken til våre tilsette. HMS og ytre miljø har lenge vore ein integrert del av drift- og prosjektarbeidet i verksemda. SFE er no godt i gang med å integrere dei nye berekraftselementa i verksemda sine prosessar og prosjekt.

SFE vektlegg:

- Låge klimagassutslepp
- Høg lokal verdiskaping
- Minimering av naturinngrep
- Sirkularitet og fornuftig ressursbruk
- Kortreiste varer og personell
- Gode arbeidsforhold på anlegg
- Gode arbeidsforhold for arbeidarar som produserer varer til SFE sine anlegg

SFE er driftsoperatør for 28 av 33 heil- og deleigde kraftverk i områda Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Samla var konsernet sin energiproduksjon 2 146 GWh i 2024. Dette tilsvarar den årlege straumbruken til ca. 130.000 heimar. Konsernet har 111 tilsette, og hovudkontoret ligg på Sandane i Gloppen kommune.



Figur 2. Oversikt over heil- og deleigde kraftverk.

Innhold

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD


Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5. MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

VERDIKJEDE

Figur 3. Oppstraums og nedstraums verdikjede for SFE sin aktivitet, som er relevante for ulike berekraftstema.



Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

Oppstraums aktivitet

SFE sine eigne aktivitetar som prosjektutvikling, drift og vedlikehald, kraftproduksjon og -handel, er avhengig av ulike oppstraums varer og tenester. Det kan vere kritisk standardmateriell og skreddarsaumsleveransar knytt til elektromekaniske og bygningsmessige komponent, men også hyllevareleveransar som arbeidsklede, elektronikk og IKT-utstyr, verktøy, logistikk- og konsulent- og analyseteneste, sjå figur 3 - verdikjede.

Nedstraums aktivitet

Den fornybare energien som vert produsert i kraftverka vert i stor grad seld til sluttbrukarselskapet Wattn samt til kraftbørsar som NordPool og Nasdaq. Andre viktige produkt som selskapet sel er balanseringstenester som sikrar eit effektivt og driftssikkert straumnett kor Statnett er kunde. SFE sel også elsertifikat til norske og svenske sluttbrukarselskap samt opphavsgarantiar til norske og kontinentale kraftselskap. SFE tilbyr operator- og konsulenttenester samt fysisk krafthandel inn mot småkraft, heil- og deleigde kraftverk/ selskap. Våre kraftverk bidreg dermed til storsamfunnet med fornybar kraft, balansering av kraftsystemet og forsyningstryggleik, men òg med flaumdemping og minstevassføring i enkelte vassdrag. SFE er ikkje involvert i aktivitetar knytt til fossil sektor.

Interessentar og interessentdialog (SBM-2)

Kontinuerleg og transparent dialog med ulike interessentar er viktig for SFE. Informasjon om ulike interessentar sine synspunkt, idear og bekymringar, gir SFE innsikt som kan støtte opp under ulike strategiske val og bidra til å skape forståing i ulike prosessar.



Oversikt over dei viktigaste interessentgruppene som SFE påverkar og/eller vert påverka av, korleis vi samhandlar med desse og korleis desse synspunkta kan påverke strategi. Oversikta er ikkje utfyllande.

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

Kven	Korleis påverkar SFE desse?	Korleis påverkar desse SFE?	Korleis samhandlar ein?	Korleis påverkar dette SFE sin strategi?
S1 Eigne tilsette	•HMS •Arbeidsmiljø •Likestilling, mangfald og inkludering	•Kultur •Omdøme	•I leiari / medarbeidar •Gjennom arbeidsoppgåver og prosjekt •Gjennom tillitsvalde og verneombod	•Innovasjonsevne •Gjennomføringsevne
S2 Leverandørar	•Kjøp av varer og tenester. •Stille krav til pris, kvalitet, etikk og miljø, mennesk- rettar og arbeidsvilkår.	•Bidreg til å dekke SFE sine behov. •Utfordrar SFE sine krav til pris, kvalitet, etikk, miljø på arbeidsplass og ytre miljø.	•Leverandørdialog, konkurransegjennomføring og kontrakts-forhandlingar. •HMS og SHA på arbeidsplass.	•Gjennom innovasjon, teknologi, etikk og berekraft.
Lokalsamfunn (kommunar, naboar, grunneigarar)	•Bygger og driftar kraftverk i deira område og natur. •Ulemper i anleggstid (døme støy, transport). •Vi brukar lokalt næringsliv / leverandørar •Arbeidsplassar •Utbyte, skattar og avgifter tilbake til lokalsam- funnet •Sponsorsamarbeid og andre bidrag	•Potensielle ambassadørar av SFE •Stiller krav til SFE •Kjem med forslag/innspel •Legg til rette for samhandling og dialog •Bidreg til å synleggjere SFE, t.d. gjennom sponsorsa- marbeid •Formelle avtaler og uformell dialog med grunneigarar	•Via formelle konsesjons-prosessar •Formelle avtaler med grunneigarar •Folkemøte knytt til prosjekt •Møter og synfaringar med lokale grunneigarar, lag og organisasjonar •Møter i politiske fora i kommunen •Arrangement ilag (t.d. Opning av kraftverk, jubileum) •Samarbeid med skular , kompetansedeling •Sponsorsamarbeid •Media	•Kommunale vedtak og planar er viktige for SFE sin strategi med omsyn til drift og bygging av kraftverk •Vi er avhengige av samarbeid og god dialog med lokalsamfunna for å skape aksept for aktivitetane våre •Grunneigarar er avgjerande for å kunne bygge ut ny kraft og skape aksept for fornybar ener- giproduksjon •Vår sponsorordning er ein viktig strategi for å skape synlegheit i lokalsamfunna
Lokalsamfunn Interesseorganisasjonar	•Nyttar og påverkar lokal naturmiljø, landskap og ressursar som gruppene har interesse av å bevare, forvalte, bruke eller utvikle.	•Stiller krav og forventingar til verksemda •I enkelte prosjekt kan vi ha ulike interesser	•Kommunikasjon ved bruk av media, kommentering av skriftlege høyringsinnspel, lokale møter knytt til energiprojekt og andre tiltak som påverkar deira interesser	•Ulike interesseorganisasjonar stiller ulike krav til oss. Dette påverkar vår strategiske tilnær- ming, t.d. i utbyggingsprosjekt. •Kommunikasjonsstrategien legg vekt på ein open, ærleg og tilgjengeleg dialog
Kundar Børser, Statnett, sluttbrukarselskap, nettselskap, Statkraft,	•Påmelding av eigen produksjon/forbruk.	•Agering/deltaking i kraftmarknaden •Revisjonsarbeid på våre anlegg.	•Byr inn pris, kraftmengd til børs og kraftkontraktar (fortrinnsvis elektronisk).Planlegg utetid gjennom dialog/elektronisk	•Pris på kontraktar påverkar strategi for kjøp/ sal og revisjonsplanlegging
Kraft i Vest-kundar	•Kunnskap og ny kompetanse, nettverksbygging	•Deltak i debatt, bringer nye tema på agendaen, net- tverksbygging	•Samarbeid, dialog før, under og etter konferanse, nettverk, møter	•Skaper forståing, aksept og nye kunnskap om fornybar energiproduksjon, bidreg til omdøme
G1 Bransje-organisasjon	•Innspel og deltaking i ulike fagfora •Kompetanseutvikling	•Påverkar politikk og rammevilkår	•Møter, samarbeid, munnleg og skriftleg dialog	•Gjer innspel og retning
G1 Regulerande myndigheit / forvaltning, nasjonale / regionale interessentar	•Leverer energi, søker om ny energiproduksjon. • •Utviklar regionen.	•Set rammer, er høyringspartar og vedtaksmynde.	•Dialog i f m søknader/løyver, oppfølging av vilkår, tilsyn m.m.	•Rammevilkår for ulike aktivitetar, set standard.
Leigetakarar	•Bidreg med inntekter og har forventingar på standar på utleigelokalar	•Dette bidreg til modernisering og vedlikehald av utleigelokala	•Ein samhandlar gjennom munnleg og skriftleg dialog	•Leigetakarane sine forventingar utviklar SFE i denne retninga
Eigarar	•SFE betaler utbytte til eigarane	•Eigarane har forventingar til SFE sine økonomiske resultat og berekraftsarbeid. •Eigarane bestemmer også kven som sit i SFE sitt styre.	•Felles møtearenaer for selskap og eigarar som gener- alforsamling og eigarmøte. •Aktivitetar i kommunane.	•Påverkar selskapet si utvikling gjennom bidrag i strategiprosessar generalforsamling og eigarmøte
Samarbeidspartnarar og selskap med interesser i felles eigde selskap	•Gjennom formell samhandling i styremøter, og uformell dialog om saker av felles interesse for eigarskapet.	•Kommuniserer forventningar og føringar for selskapet sine mål	•Munnleg og skriftleg dialog. Saksgjennomgang og vedtak i styremøter.	•Påverkar kva retning det felles eigde selskapet skal ha. Medfører at SFE må ivareta desse i strategisk kontekst, på best mogleg måte.
Investorar og bankar	•SFE låner pengar frå bankar og investorar i våre obligasjonslån	•Bankane og investorane stiller krav til SFE si gjelds- beteningssevne og har også forventingar til korleis SFE opptre i berekraftsarbeidet.	•Munnleg og skriftleg dialog med bankar. Overfor investorar presenterer vi prospekt og signerer lånedokument.	•Bankane og investorane sine forventingar påver- kar SFE til å utvikle seg i den retning som desse ønsker. Dette er mellom anna i retning av større berekraftsfokus.

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

IDENTIFISERING OG VURDERING AV VESENTLEGE PÅVERKNADER, RISIKOAR OG MOGLEGHEITER (IRO-1)

For å identifisere vesentlege berekraftstema og IRO-ar er det utført dobbel vesentlegheitsanalyse i høve kriteria definert i ERSR 1 inkl. rettleiing. Prosessen var delt i ulike fasar og gjennomført i april-juni 2024. Aktivitetar og metodikk er skildra under:

Fase	Aktivitetar / metodikk
Forstå	Kartlegge kontekst, skape forståing av SFE sine aktivitetar og operasjonar, kartlegge verdikjeda, identifisere interessentar og vurdere involvering av desse, definere tidshorisont for vurderingane i vesentlegheitsprosessen. Fokus på berekraftsrelaterte risikoar.
Identifisere	Utarbeide langliste med påverknader, risikoar og moglegheiter basert på ESRS-standardane og intern dokumentasjon. Intervju med interne nøkkelpersonar innan ulike delar av SFE si verksemd, og eksterne interessentar som har god kjennskap til og/eller vert påverka av SFE sin aktivitet. Eksterne intervju med representantar frå bank/långjevar, kommunal eigar i eit påverka lokalsamfunn, kunde, samarbeidspartnarar, dotterselskap, frivillig lag/organisasjon i eit påverka lokalsamfunn og nasjonal naturvernorganisasjon med regional tilknytning. Det vart arbeida fram ei verdikjedekartlegging som gir oversikt over kva komponent, varer og tenester, oppstraums og nedstraums, som SFE si verksemd er avhengig av, inkl. landrisiko og risiko knytt til menneskerettar og arbeidsvilkår frå generelle anerkjende kjelder. Dette var med som grunnlag i analysa. Skildre påverknad, risiko eller moglegheit med detaljering og gruppering etter ESRS-tema.
Vurdere	Vurdere faktisk eller potensiell, direkte eller indirekte påverknad på menneske, miljø og samfunn. Prioritere ut i frå grad av påverknad og sannsyn. Vurdere faktisk eller potensiell, direkte eller indirekte finansiell risiko eller moglegheit for SFE ut i frå grad av alvor og sannsyn. Gjennomføre arbeidsmøte for å diskutere, score og prioritere vesentlege berekraftstema.
Validere	Avklare terskelverdiar for påverknad og finansielle risikoar og moglegheiter. Evaluere kvart tema med eventuelle innspel frå nye eksterne interessentar. Endeleg validering av vesentlegheitsanalysa med intern arbeidsgruppe, samt presentasjon og forankring i leiing og styre. Særleg om forankring: Leiargruppa i SFE fekk i juni 2024 framlagt og presentert resultata av analysa med moglegheit til å uttale seg og gjere justeringar. Nokre justeringar vart teke inn. Dei fleste i leiargruppa var i tillegg involvert i interne intervjurundar. Dette var forankringstiltak. Konsernstyret og revisjonsutval har fått orientering om gjennomført prosess.
Implementere	IRO-ar er kopla opp mot SFE sin strategi 2024-34 og kortsiktig handlingsplan for 2025-26 og er no gjenstand for vidare arbeid med strategiske handlingsplanar, fagstrategiar og tiltak på avdelingsnivå.

Innhold

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

VESENTLEGE PÅVERKNADER, RISIKOAR OG MOGLEGHEITER (SBM-3)

SFE har utført dobbel vesentlegheitsanalyse for å identifisere vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter innfor dei ulike berekraftstema i ESRS-standarden.


Vi identifiserte og vurderte påverknader på miljø og samfunn i tillegg til berekraftsrelaterte finansielle risikoar som vi er utsett for, samt dei moglegheitene vi kan dra nytte av.

Totalt var det 35 påverknader, risikoar og moglegheiter, heretter forkorta IRO-ar (impact, risk, opportunity) som er vurdert som vesentlege. Av desse er 10 faktisk positive, 3 potensielt positive, 7 faktisk negative, 5 potensielt negative, 6 moglegheiter og 4 risikoar. I figuren under er desse samanfatta for kvart vesentlege berekraftstema og plassert i matrisa i høve resultatata frå analysa.

Vesentlege berekraftstema for SFE er knytt til Klimaendringar (ESRS E1), Biologisk mangfald og økosystem (ESRS E4), Ressursbruk og sirkulærøkonomi (ESRS E5), Eigne tilsette (ESRS S1), Arbeidarar i verdikjeda (ESRS S2), Myndigheitskontakt og bransjesamarbeid (ESRS G1-5) som ligg under hovudtema Forretningsetikk (G1) og det selskapsspesifikke temaet «Lokal verdiskaping».

I ei vassdragsregulering vert vatnet sitt naturlege avrenningsmønster endra og flytta heilt eller delvis i høve naturleg avrenning, som følge av oppdemming og inntak, og gjennom tunnelar og tilløpsrør. Etter å ha vore innom kraftverket blir det slept tilbake i vassdrag eller sjø via avløpet. Det at naturleg avrenningsmønster er endra har først og framst negative påverknadar på dei artane som er avhengig av ferskvatn for å fungere. Dette er fanga opp som IRO-ar i tema biologisk mangfald og økosystem. E3 Vatn og marine ressursar er dermed vurdert til ikkje å vere eit vesentleg rapporteringstema.

S3 Lokalsamfunn er heller ikkje vurdert som vesentleg. Standarden er meint å fange opp IRO-ar knytt til urbefolknings spørsmål, og SFE opererer ikkje i område der dette er relevant. Derimot er IRO-ar relatert til lokalsamfunn teke inn under selskapsspesifikt tema «Lokal verdiskaping». E2 Ureining og S4 Kundar og sluttbrukarar er ikkje vurdert som vesentlege berekraftstema.



Figur 4. Matrisa viser kva ESRS-tema det er identifisert at SFE har vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter knytt til, og kva tema som er vurdert ikkje vesentleg.

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

"Identifiserte påverknader, risikoar og moglegheiter (I = impact, R = risk, O = opportunity)"	IRO	Positiv / negativ	Faktisk / Potensiell	Eigne Operasjonar / Verdikjede
E1 Klima				
Klimatilpassing				
Vasskrafta si effekt på balanse i energisystemet	I	(+)	F	EO
Variasjon i kraftprisar som følge av fysiske klimaendringar og samfunnet sitt forsøk på å avgrense desse	R			EO
Stor magasin- og lagringskapasitet	O			EO
Leveranse av drikkevatt	I	(+)	P	EO
Klimagassreduksjon				
Scope 1-utslepp i egne operasjonar	I	(-)	F	EO
Scope 2-utslepp egne operasjonar	I	(-)	F	EO
Scope 3-utslepp (indirekte utslepp i verdikjede)	I	(-)	F	V
Energi				
Fornybar energiproduksjon	I	(+)	F	EO
Opprusting og utviding (O/U) av vasskraftverk	I	(+)	P	EO
Auka etterspørsel etter fornybar energi	O			EO
Drift, vedlikehald og opprusting av vasskraftverk	O			EO
E4 Biologisk mangfald og økosystem				
Indirekte beskytting av natur og biologisk mangfald	I	(+)	F	EO
Endra vasstand og vassføringspåverknad på planter og dyr	I	(-)	F	EO
Arealinngrep- og endringar si påverknad på økosystem og biologisk mangfald	I	(-)	F	EO & V
Framtidige arealinngrep og -endringar	I	(-)	P	EO
Auka utbyggingsrestriksjonar som følgje av naturomsyn	R			EO
Utbyggingsmotstand i lokalsamfunn som følgje av naturpåverknad	R			EO
E5 Ressursbruk og sirkulærøkonomi				
Ressursbruk frå innkjøpt materiell	I	(-)	F	EO & V

"Identifiserte påverknader, risikoar og moglegheiter (I = impact, R = risk, O = opportunity)"	IRO	Positiv / negativ	Faktisk / Potensiell	Eigne Operasjonar / Verdikjede
S1 Eigne tilsette				
Gode arbeidsforhold for våre tilsette	I	(+)	F	EO
Faste tilsettingar og rettferdig løn	I	(+)	F	EO
Høg grad av fagorganisering i selskapet	I	(+)	F	EO
Uønska HMS-hendingar, både fysiske og psykososiale for våre tilsette	I	(-)	P	EO
Kjønnslikestilling i ein mannsdominert bransje	I	(-)	P	EO
Leiande aktør dreve av fagfolk	O			EO
S2 Arbeidarar i verdikjeda				
Brot på anstendige arbeidstilhøve på våre byggeplassar		(-)	P	EO & V
Brot på menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve i våre innkjøpte råvarer og materiell		(-)	P	EO & V
G Forretningsetikk				
Påverknad gjennom myndighetskontakt og bransjesamarbeid	I	(+)	P	EO
Moglegheiter gjennom myndighetskontakt og bransjesamarbeid	O			EO
Emnespesifikt tema - Lokal verdiskaping				
Bruk av lokale leverandørar og generering av arbeidsplassar	I	(+)	F	EO & V
Økonomisk utbyte frå SFE til eigarar	I	(+)	F	EO
Økonomiske overføringar frå SFE til vertskommunar	I	(+)	F	EO
Støtte til lokale initiativ	I	(+)	F	EO
Usemjje i lokalsamfunn som følgje av kraftutbygging	I	(-)	F	EO
Lokal forankring som gir moglegheiter	O			EO
Manglande støtte til utbyggingsprosjekt i lokalbefolkninga	R			EO

Tabellen viser dei vesentlege IRO-ane fordelt på tema og namn, samt om påverknaden er positiv eller negativ, faktisk eller potensiell, og om IRO-en er gjeldande i egne operasjonar, i verdikjeda eller begge stader.

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHETSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

2. Klima, natur og sirkularitet

EU-taksonomi

EU-taksonomien er eit finansregulatorisk regelverk som har eit uttalt føremål om å legge til rette for at investeringar og kapital vert vridd mot ei grøn og berekraftig retning. Det er eit klassifiseringssystem som skal skape felles forståing av kva aktivitetar som er berekraftige og korleis dette kan vurderast. Målet er å styre økonomiske aktivitetar slik at dei bidreg til å oppnå europeiske og norske klimamål og omstilling i det grønne skiftet.

For at ein økonomisk aktivitet skal klassifiserast som berekraftig, må den vere inkludert i dei delegerte rettsaktene i taksonomiforordninga og dermed bli ansett av EU å potensielt kunne bidra til eit av EU sine miljømål. For at ein omfatta aktivitet (eligible) også skal vere i tråd med EU-taksonomien (aligned), må den vesentleg bidra til eit av seks miljømål, ikkje bidra til vesentleg skade på dei andre miljømåla, og oppfylle minimumskrava til sosiale rettar og styring av verksemd.

Rapportering i samsvar med krava i EU-taksonomien inneber å oppgje andel som er omfatta og i samsvar med (aligned); andel som er omfatta, men ikkje i samsvar med (eligible), og andel som ikkje er omfatta av EU-taksonomien, fordelt på dei tre nøkkeltala netto driftsinntekter, investeringar (CapEx) og driftskostnader (OpEx).

EU-taksonomien er implementert gjennom «lov om bærekraftig finans». SFE er i dag ikkje pålagt å rapportere fordi selskapet ikkje er omfatta av CSRD, men vil likevel, i tråd med forventingane frå våre interessentar og oppmodinga frå Finansdepartementet, rapportere andel av våre aktivitetar som er omfatta av reguleringa.

Det er gjennomført ei vurdering av kva økonomiske aktivitetar i konsernet som er omfatta av EU-taksonomien. Som det kjem fram av tabellen under, er produksjon av vasskraft, vindkraft samt eigedom omfatta. Tabellen under inkluderer andelen av SFE sine driftsinntekter, investeringar og driftskostnader knytt til desse aktivitetane. Aktivitetar som ikkje er omfatta av EU-taksonomien, knyt seg hovudsakleg til omsetting av elektrisitet for kundar og levering av tenester til andre kraftprodusentar.

Økonomisk aktivitet	Omsetting	Capex	Opex
7.2 Eigedom	3 849	14 741	426
4.3 Vindkraft	36 198	5 369	7 701
4.5 Vasskraft	1 861 981	108 266	55 823
A.2 - Total for aktivitetar som er omfatta av taksonomien, men som ikkje er miljømessig berekraftige (ikkje taksonomiforeinelege aktivitetar)	1 898 169	113 635	1 121 424
Total A (A.1 + A.2)	1 898 169	113 635	1 121 424
B - Total for aktivitetar som ikkje er omfatta av taksonomien	116 908	22 915	1 135 152
Totalt A+B	2 015 077	136 550	1 197 676*

*Total Opex er inkludert kjøp av overføringstenester og andre driftskostnader.

Finansielle nøkkeltal

Dei finansielle nøkkeltala tek utgangspunkt i SFE sitt konsoliderte rekneskap. Dei presenterte tala er summen for kvar økonomisk aktivitet konsolidert for konsernet og justert for eliminering av konserninterne transaksjonar.

Netto driftsinntekter

Netto driftsinntekter samsvarer med tilsvarende definisjon i resultatoppstillinga for konsernet. I 2024 var SFE sine totale driftsinntekter på 2 015 mill. kroner. Av dette vart det identifisert at 840 mill. kroner kom frå økonomiske aktivitetar som etter definisjonen er omfatta av taksonomiforordninga. Ein stor del av øvrig omsetting kjem frå omsetting av kraft for kunde.

Investeringar

Grunnlaget for nøkkeltalet for investeringar baserer seg på årets anskaffingskostnad før avskrivningar, nedskrivningar og andre typar verdijusteringar. SFE sine totale investeringar for rekneskapsåret 2024 summerer seg til 137 mill. kroner.

Investeringsplanar

EUs taksonomiforordning stiller krav til investeringsplanar som spesifiserer dei viktigaste investeringane som er omfatta av taksonomirapporteringa. Ein vesentleg del av SFE sine investeringar knyt seg til vedlikehald av eigedelar som alt er i drift. Ein stor del av dette er vedlikehaldsinvesteringar som kan knytast til verksemdsområde som ligg innanfor taksonomien. Også i investeringsplanane for dei neste åra er venta andel av totale investeringar knytt til vedlikehald vesentleg.

Driftskostnader

Nøkkeltalet for driftskostnader samsvarer med tilsvarende definisjon i resultatoppstillinga for konsernet, men berre kostnader relatert til vedlikehald og utvikling som er direkte knytt til dei produserande einingane blir teke inn i vurderingsgrunnlaget. Kostnader relatert til kjøp av kraft, avskrivningar, overhead, drift og støttefunksjonar inngår ikkje i grunnlaget.

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

Status i høve miljømål

SFE har starta eit arbeid med å skaffe oversikt over korleis vi forstår krava i taksonmien og kva status for våre anlegg er, for dei to kjerneaktivitetane vasskraft- og vindkraftproduksjon. Oversikta under er dermed ikkje ei fullstendig rapportering.

I høve taksonmien må både vass- og vindkraftaktivitet gi eit positivt bidrag til enten miljømål 1 avgrensing av klimagassutslepp

eller miljømål 2 klimatilpassing. I tillegg må aktivitetane ikkje gjere vesentleg skade (Do No Significant Harm, DNSH) på dei andre aktuelle miljømåla for aktiviteten OG samsvare med minimumskrav til sosiale garantiar.

Miljømål og status for SFE sine vasskraft- og vindkraftaktiviteter

Miljømål / Økonomisk aktivitet	Vasskraft	Vindkraft
Miljømål 1 – Reduksjon av klimagassutslepp GI EIT POSITIVT BIDRAG	Taksonmien stiller krav til at eit vasskraftverk må ha ein såkalla energitettheit pr. beslaglagt areal som er >5 Watt/m2 eller krav til livslaupsutslepp av CO2. Så langt har SFE nytta energitettheit for å vurdere samsvar på kriteriet, etter SINTEF sin metodikk. Våre foreløpige berekningar syner at konsernet sine vasskraftverk bidreg positivt til klimagassreduksjon.	SFE sitt vindkraftanlegg på Lutelandet bidreg til klimagassreduksjon fordi det genererer elektrisitet frå vindkraft.
Miljømål 2 – Klimatilpassing DNSH	Krav om gjennomføring av klimarisikovurdering og risikoreduserande tiltak. SFE har gjennomført klimarisikovurdering på selskapsnivå. Resultata er skildra i E1	Krav som for vasskraft. Same status.
Miljømål 3 – Berekraftig bruk av vatn og marine ressursar DNSH	Kriteriet om å ikkje gjere vesentleg skade på dette miljømålet heng for vasskraftproduksjon uløseleg saman med oppfylling av krava i EU sitt vassdirektiv, som for Noreg sin del er implementert gjennom vassforskrifta. Ved vurdering av samsvar gjer SFE individuelle vurderingar av kvart enkelt kraftverk, men SFE forhold seg til dei generelle tolkingane som norsk vasskraftbransje har arbeida seg fram til og som vil bli lagt til grunn av ei samla bransje i dei ulike selskapa sine samsvarsvurderingar framover. I korte trekk betyr det å drifte anlegg innanfor gjeldande konsesjonar med vilkår, samt å følgje opp tiltak gitt i vedlegg 2 og 3 i vedtekne regionale vassforvaltingsplanar som er godkjend av myndigheitene, innan dei gitte fristar. Vi legg også til grunn at mindre strenge miljømål (MSM) er eit fullt ut lovleg miljømål som ikkje hindrar eit kraftverk i å oppfylle DNSH-kriteriet, så lenge relevante avbøtande tiltak er gjennomført.	Kriteriet er knytt til offshore vindkraftproduksjon og er dermed ikkje relevant for anlegget på Lutelandet.
Miljømål 4 – Sirkulær økonomi DNSH	N/A	Kravet til aktiviteten er at det skal vere vurdert, og der det er mogleg, skal det vere tatt i bruk utstyr og komponent med høg haldbarheit og resirkulerbarheit, som er enkle å demontere og pusse opp. Turbinprodukta som vart installert på Lutelandet var blant dei siste nye på marknaden og består i den grad av størst mogleg resirkulerbart materiale, av det som var tilgjengeleg i 2021. Det er m.a. nedbrytbar olje i alle mekaniske komponent.
Miljømål 5 – Hindre ureining DNSH	N/A	N/A
Miljømål 6 – Beskytte og gjenopprette biologisk mangfald og økosystem DNSH	Miljømålet er knytt til oppfylling av EU-loverket for konsekvensvurdering (EIA-direktivet) og vurdering av samsvar vert gjort pr. kraftverk.	Krav som for vasskraft. For Lutelandet spesielt er det gjennomført konsekvensutgreiing og avbøtande tiltak for natur og kulturminne i høve gjeldande konsesjonskrav.

¹Kjelde: SINTEF notat: Harby, A. Vurdering av klimagassutslipp fra vannkraft til EUs taksonomi, SINTEF notat 2021-07-02

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG
SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av
berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG
SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG
BRANSJESAMARBEID

Klimaendringar (E1)

VESENTLEGE PÅVERKNADER, RISIKOAR OG
MOGLEGHEITER
(SBM-3)

Gjennom dobbel vesentlegheitsanalyse er det identifisert
følgjande påverknader, risikoar og moglegheiter knytt til tema E1
Klimaendringar.

Påverknad, risiko, moglegheit	Namn på påverknad	Skildring av påverknad, risiko, moglegheit
Faktisk positiv påverknad	Fornybar energiproduksjon	SFE produserer fornybar energi frå vatn og vind, og bidreg til elektrifisering av andre sektorar. Dette er ein faktisk positiv påverknad då det er avgjerande for å redusere samfunnets klimagassutslepp. Slik bidreg SFE til å redusere den globale oppvarminga.
Faktisk positiv påverknad	Vasskrafta si effekt på balanse i energisystemet	Vasskraft er ei regulierbar og fleksibel energikjelde og har derfor positiv påverknad på forsyningstryggleik og balanse i energisystemet.
Potensiell positiv påverknad	Opprusting og utviding (O/U) av vasskraftverk	Gjennom å oppruste og utvide kraftverka våre, samt bygge nye kraftverk, kan SFE bidra til auka produksjon av fornybar energi. Dette gjer at SFE har en potensiell positiv påverknad på klimaet gjennom å redusere den globale oppvarminga.
Faktisk negativ påverknad	Scope 1-utslepp eigne operasjonar	SFE sitt scope 1-utslepp består i hovudsak av fossile utslepp frå eigne bilar og maskinpark. Dette er en negativ påverknad, då klimagassutslepp bidreg til global oppvarming.
Faktisk negativ påverknad	Scope 2-utslepp eigne operasjonar	SFE har utslepp i scope 2, som er knytt til eige energiforbruk i kraftverk, verkstad, lager og kontor.
Faktisk negativ påverknad	Scope 3-utslepp (Indirekte utslepp i verdikjeda)	Utslepp i verdikjeda (scope 3) inkluderer utslepp frå produksjon av material og komponentar, transport av komponentar, reiser for tilsette, helikoptertenester, avfallshandtering, arealbruk samt utslepp frå deleigde selskap.
Risiko	Variasjon i kraftprisar som følge av fysiske klimaendringar og samfunnets forsøk på avgrensing av disse	Klimaendringar vil medføre auka usikkerheit og uføreseieleg vêr, noko som igjen kan føre til større variasjon i kraftprisane både over tid og gjennom døgnet. Elektrifisering og tilkopling med fastlandet i Europa, dreining i kraft-tilbodet til uregulerbare kraftkjelder, langvarige tørkeperiodar, i tillegg til geopolitisk risiko, vil også føre til meir volatilitet i kraftprisen. Dette kan ha finansielle konsekvensar for SFE.
Moglegheit	Stor magasin- og lagringskapasitet	SFE har eit produksjonsapparat med stor magasin- og lagringskapasitet som gir moglegheiter til å produsere når samfunnet treng energien. Dette kan medføre auka inntekter.
Moglegheit	Auka etterspurnad etter fornybar energi	Auka etterspurnad etter fornybar energi i overgangen til eit grønarare samfunn.
Moglegheit	Drift, vedlikehald og opprusting av vasskraftverk	Effektiv drift, vedlikehald, opprusting på eksisterande kraftverk, samt nybygging gir moglegheiter til å få ut meir effekt og energi av kraftverka. Dette kan auke inntektene til SFE.
Potensiell positiv påverknad	Leveranse av drikkevatn	Potensiell positiv påverknad på drikkevasstilgangen i områder med vass-stress om SFE er i stand til å kapitalisere på ideen om vasslevering ved tørke og lite nedbør i Europa eller andre marknader.

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten

Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi

Status i høve miljømål

Klimaendringar (E1)

Biologisk mangfald og økosystem (E4)

Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)

Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5. MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

Retningslinjer

(E1-2)

SFE har ei overordna retningslinje for berekraft; «Policy for energi, berekraft, klima og miljø», utvikla i 2020. Denne omtalar overordna kva berekraftstema SFE har fokus på:

«SFE si verksemd skal vere ansvarleg i alle ledd og bidra til ei balansert, berekraftig og verdiskapande utvikling av verksemda. SFE skal bidra til berekraftige lokalsamfunn, m.a. gjennom elektrifisering og nye grøne kompetansearbeidsplassar. Samstundes skal SFE ivareta behova knytt til klima, naturressursar og miljø for framtidige generasjonar og bygge vår utvikling på kunnskap, innovasjon, proaktive handlingar og livsløpsperspektiv. [...] **Dette skal skje gjennom å redusere vårt eige klimagassavtrykk og bidra til reduksjon av nasjonale og globale klimagassutslepp.** Vi skal tilnærma oss sirkulær økonomi og ta vare på livet på land og i vatn».

Retningslinja er vedteken i Styret i SFE Produksjon AS i 2020 og i 2022 (mindre justering). Ansvarleg eigar av retningslinja er Produksjonsdirektør.

For å bidra til å redusere klimagassutslepp er det i mål- og strategiplanen nedfelt at selskapet skal etablere og vidareutvikle klimaavtrykk, ressurseffektivitet (sirkulær økonomi) og miljøbelastning som evalueringskriterium i planlegging, ved innkjøp av varer og tenester og ved utbygging av anlegg.

Tiltak

(E1-3)

Utbygging av fornybar kraft: SFE skal bygge ut ny fornybar energi og sørge for vidare utvikling av eksisterande fornybarproduksjon. I 2025 startar SFE bygging av Nye Øksenelvane kraftverk som vil gje 21 GWh ny kraftproduksjon og 82 MW ny effekt. Anlegget skal settast i drift i 2028. Sjå elles utvikling frå 2021 til 2024 under Mål.

Redusere CO2-utslepp frå eiga drift

Elektrisk bilpark: SFE-konsernet har 8 personbilar og 31 varebilar. Sidan 2016 har SFE hatt ein strategi om at elektrisk skal vere førstevalet ved innkjøp av nytt køyretøy, så framt det dekker øvrige tekniske- og beredskapsmessige behov. Det er installert ladarar for el-bil ved alle SFE sine kraftverk og oppmøteplassar.



Innhold

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

Nøkkeltal	2024	2023	2022	2021
Andel elektriske personbilar i bilpark	75 % (6 av 8 personbilar)	50 %	60 %	40 %
Andel elektriske varebilar i bilpark	9 % (3 av 31 varebilar)	20 %	3 %	3 %

Energieffektivisering i eiga verksemd: SFE utfører vedlikehald og oppgraderingar på kraftverka med mål om lavast mogleg energiforbruk i eiga verksemd.

Erstatning for den sterke klimagassen SF₆: I tidlegare strategi for SFE Produksjon (frå 2022) var det oppgitt eit mål om å «bytte ut anlegg med SF₆-gass med alternativ som eliminerer eller betydeleg reduserer risikoen for klimagassutslepp i driftsfasen til anlegget». Vi skiftar ikkje ut fungerande SF₆-anlegg då vi vurderer at maksimal levetid på eksisterande komponentar er et vel så godt klimagassreduserande tiltak så lenge vi ikkje erfarer lekkasjar av SF₆-gass. Vi kjøper ikkje nye komponentar med SF₆-gass. For Øksenelvane kraftverk er det lagt til grunn luft- og CO₂-isolert anlegg som erstatning for SF₆.

Redusere CO2-utslepp frå verdikjeda

SFE har fokus på å ta i bruk materialar som er produsert med lågast mogleg klimagassutslepp t.d. lågkarbonbetong og armering produsert av gjenbrukt stål. I tillegg er det fokus på elektrisk drift av maskiner på byggeplass samt avgrensing av helikopterbruk. Nemnde tiltak vart tekne inn og vurdert i 2024 i samband med tilbodsinnhenting på Nye Øksenelvane kraftverk.

Mål (E1-4)

Utbygging av ny fornybar kraft: I 2024 har SFE vedtatt ny strategi med mål om å auke produksjonen av fornybar energi til 4 TWh i 2040 samt vidare utvikling av eksisterande fornybarproduksjon. Dette inneber drifts-, vedlikehald- og rehabiliteringsprosjekt som bidreg til levetidsforlenging av eksisterande anlegg i tillegg til utbygging av ny kraft.



SOGN OG FJORDANE ENERGI BEREKRAFTSRAPPORT 2024

Energiproduksjon netto (MWh)

Nøkkeltal	2024	2023	2022	2021
Fornybar kraftproduksjon middel netto	2 274 440	2 274 440	2 274 440	2 004 000
Fornybar kraftproduksjon faktisk netto	2 146 009	2 030 000	2 246 000	1 987 000
Installert yting (MW)	534	534	534	398
Ny fornybar energiproduksjon	0	0	150 000	0

Middelproduksjonen er basert på det historiske faktiske tilsiget over ein gitt periode. Faktisk produksjon er det som faktisk blei produsert i 2024. I netto-tala er nettap trekt frå og syner dermed den produksjonen selskapet har inntekt på.

CO2-utslepp frå eiga verksemd: I tidlegare strategi vedtatt i 2020 har SFE definert mål om å redusere klimagassutslepp i scope 1 og 2 med 50% innan år 2030 og 90 % innan 2050. Omorganisering i SFE- konsernet siste åra der Linja og Wattn vart fusjonert ut av selskapet, gjer at 2023 vert vurdert som det mest reelle basisåret for å måle framtidige klimagassreduksjonar i scope 1 og 2. Arbeidet med å oppdatere og følge opp klimamål for SFE basert på ny selskapsstruktur og i tråd med ny strategi vil bli starta opp i Q2 2025.

Energiforbruk og miks (E1-5)

SFE-konsernet sitt energiforbruk består av:

- Straumforbruk til oppvarming, lys, ventilasjon, elektriske anlegg, pumper, serverar m.m. i kontorbygningar, lager, verkstad
- Straumforbruk til el-bil-lading; på eksterne lokasjonar der SFE eig ladestasjonane og på ladepunkt knytt til oppmøteplassar (kontor og kraftverk)
- Forbruk i eigne kraftverk og tilknytte installasjonar (eigeforbruk)

Nøkkeltal	2024	2023
Total energiforbruk frå fossile kjelder (MWh)	0	0
Andel energi frå fossile kjelder(%)	0	0
Total energiforbruk frå fornybare kjelder (MWh)	3838	5085
Andel energi frå fornybare kjelder (%)	100	100
Total energiforbruk (MWh)	3838	5085

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

Klimagassutslepp i scope 1, 2 og 3 (E1-6)

Klimarekneskapet er ført med grunnlag i konsernstrukturmodellen, sjå figur av konsernstruktur på side 5, og det er henta faktura frå morselskapet Sogn og Fjordane Energi, SFE Produksjon, Lutelandet Energipark og Firdakraft. Svelgen kraft er også konsolidert i konsernrekneskapet, men utslepp knytt til Svelgen kraft er ikkje inkludert i tabellen under.

I 2024 har SFE ført klimarekneskap basert på fakturasummar, og rekneskapen inneheld kun spendbaserte data. Vi ser auka CO2-utslepp samanlikna med tidlegare år der berekningar vart gjort på grunnlag av manuell innhenting av nokre få utvalde data og mengder.

Vidarefakturering mellom selskapa er ekskludert frå klimarekneskapet for å unngå dobbelttelling av kostnader og utslepp. Faktura og utslepp knytt til krafthandel er ekskludert frå klimarekneskapet. Klimarekneskapet er delt inn i 3 kategoriar:

- Scope 1** består av fossile utslepp frå køyring med selskapa sine egne bilar
- Scope 2** består av utslepp frå eige energiforbruk i kraftverk, kontor, lager og verkstad. Scope 2 skal bereknast på to måtar, lokasjonsbasert og marknadsbasert.
- Scope 3** består i hovudsak av utslepp knytt til innkjøpte varer og tenester samt kapitalvarer.



Klimagassrekneskap for SFE konsernet 2024.

Utsleppskjelder	Utslepp (tonn CO2e)	% av total
Drivstoffrelaterte utslepp	59	1,4
Flyktige utslepp	16	0,4
Scope 1 totalt	76	1,8
Innkjøpt elektrisitet	140	3,4
Scope 2 totalt	140	3,4
Innkjøpte varer og tenester	2934	71,6
Kapitalvarer	803	19,6
Drivstoff og energirelaterte utslepp	30	0,7
Oppstraums transport og distribusjon	104	2,5
Avfall	6	0,1
Reiseaktivitet	3,1	0,1
Oppstraums leigde eigendelar	2,2	0,1
Scope 3 total	3882	94,7
Scope 1, 2 og 3 total	4097	100

Utslepp i scope 2 (tabellen over) er berekna ut frå lokasjonsbasert metode. Totalt forbruk av elektrisk energi i tabellen inkluderer innkjøpt energi og internt forbruk i egne kraftverk.

Klimagassutslepp frå eige energiforbruk skal i høve GHG-protokollen også rapporterst etter marknadsbasert metode. Den er berekna med utgangspunkt i NVE sin varedeklarasjon for fysisk levert straum (2023) og inneber ein miks med større andel fossile kjelder (utsleppsfaktor på 599 g/kWh).

For SFE sitt rapporterte innkjøpte straumforbruk i scope 2, på omtrent 2400 MWh, utgjer det eit utslepp på ca. 1438 tonn CO2e. Dette forbruket er det sletta/kjøpt opphavsgarantiar for. Garantiane kjem frå eige kraftverk i Åskåra 1, Lutelandet Energipark og kraftverka i Svelgen.

Klimarelatert risiko, overgangsrisiko og moglegheiter (E1-9)

Det er gjennomført klimarisikoanalyse for SFE sine hovudaktivitetsområder vass- og vindkraft samt for hovudkontoret på Strandtun.

SOGN OG FJORDANE ENERGI BEREKRAFTSRAPPORT 2024

Klimarisiko er vurdert for år 2025, 2030 og 2050 i to ulike scenario:

1. Berekraft og grøn vekst: forutsette global oppvarming på 1,8 grader og lave utslepp: CO2-utslepp til netto null rundt 2075.
1. Regional rivalisering: forutsette global oppvarming på 3,6 grader og høge utslepp: CO2-utslepp dobla innan 2100.

I analyse av klimarisiko har det blitt vurdert relevans og robustheit for SFE sine anlegg knytt til dei akutte og kroniske faktorane i tabellen under:

Klimarelaterte drivarar

Vurderte klimarelaterte drivarar				
Relasjon		Kronisk		Akutt
Temperatur	v	Varig temperaturendring	v	Hetebølge
	v	Temperaturvariabilitet	v	Kuldebølge
	x	Tining av permafrost	v	Skogbrann
Vatn	v	Endra nedbørsmønster	v	Tørke
	x	Vass-stress	v	Kraftig nedbør
	x	Havforsuring	v	Flaum
	v	Stigande havnivå	v	Jøkullaup
Vind	v	Endra vindmønster	v	Storm
			x	Tornado
			x	Syklon
			v	Orkan
Ras/skred	v	Jordforringing/ jorderosjon	v	Snøskred
			v	Jordskred

I tillegg er overgangsrisikoar t.d. politikk, teknologisk utvikling, marknad, omdøme vurdert, det er sett på kva moglegheiter SFE står ovanfor knytt til klimaendringar samt vurdert klimarisiko i verdikjeda.

Vasskraft: Kraftig nedbør og endra nedbørsmønster er dei klimarisikoane som er vurdert å ha størst påverknad på SFE sin vasskraftproduksjon. Kraftig nedbør kan føre til ras og hindre tilkomst til kraftverk mens endra nedbørsmønster der tilsigstoppen flyttar seg frå vår til haust vil påverke kraftproduksjon og inntekter. Samtidig utgjer dei forventa auka vassmengdene fram mot år 2030 og 2050 ein moglegheit for auka produksjon og effektoppgradering på vasskraftverka.

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av
berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5. MYNDIGHETSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

Vindkraft: Storm og hyppigare førekomst av lyn og torevêr som fører til straumstans utgjør dei største klimarisikoane for SFE sin vindkraftproduksjon.

Hovedkontoret på Strandtun: Havnivåstigning er vurdert å vere største klimarisikoen for Strandtun.

Risiko i verdikjeda: For alle aktivitetar er det risiko for å ikkje få tak i kritiske komponentar pga. fysiske klimahendingar i andre delar av verda. Denne risikoen er venta å auke i åra framover mot 2030 og 2050 og vil vere betydeleg i det ikkje-berekraftige scenarioet Regional rivalisering.

Overgangsrisiko og -mogleighet: For både vasskraft og vindkraft utgjør endring i klima-, miljø-, og energipolitikk en betydeleg overgangsrisiko og -mogleighet.

I tillegg er følgjande tre overgangsrisikoar- og mogleigheter identifisert:

1. Etterslep nettutbygging, innelåst kraft i NO3
2. Framsteg innan energilagring, nettstyring og fornybar energiteknologi kan endre konkurranselandskapet
3. Manglande aksept for utbygging av fornybar energi

SFE har rutiner og gjennomfører tiltak for å handtere værrelaterte akutte hendingar som vi står ovanfor i dag, eksempelvis beredskapsplan ved varsel om kraftig nedbør, produksjonsplanlegging tilpassa endra nedbørsmønster samt klimatilpassing i nye prosjekt. Dei klimarelaterte risikoane og mogleighetene som selskapet står ovanfor fram i tid, vil det krevje auka fokus på å handtere.

Sannsyn og økonomisk konsekvens er estimert og skildra kvalitativt på kort, mellomlang og lang sikt. Estimata har stor usikkerheit og usikkerheita aukar naturleg nok fram i tid.

I løpet av 2025 vil SFE implementere resultat frå klimarisikanalyse i strategi og forretningsmodell.



Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG
SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av
berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG
SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG
BRANSJESAMARBEID

Biologisk mangfald
og økosystem (E4)

Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter
(SBM-3)

Gjennom dobbel vesentlegheitsanalysa er det identifisert at SFE har fleire vesentlege påverknadar og finansielle risikoar knytt til biologisk mangfald og økosystem:

Påverknad, risiko, moglegheit	Namn på påverknad	Skildring av påverknad, risiko, moglegheit
Faktisk negativ påverknad	Endra vasstand og vassføring påverkar artar negativt	Inntak, overføring og regulering av bekkar, elvar og innsjøar medfører endra vasstand, vassføring og avrenningsmønster i dei vassdraga SFE driv kraftproduksjon. Det kan m.a. påverke sedimenttransport, sikt og temperatur, og medføre låg vassføring og raske vassføringsendringar. Slike påverknadar forstyrrar - og kan i nokre tilfelle øydelegge - naturleg vassdragsmiljø og vasslevande artar sine vandringsveggar, oppvekst-, formeirings- og leveområde.
Faktisk negativ påverknad	Arealinngrep- og endringar sin påverknad på økosystem og biologisk mangfald	Utbygging av SFE sine eksisterande vass- og vindkraftverk med infrastruktur har medført bruk og endring av areal, og dette har negativ påverknad på omfanget og tilstanden til økosystem og biologisk mangfald.
Potensiell negativ påverknad	Framtidige arealinngrep og -endringar	Nye anlegg har behov for areal og tilhøyrande infrastruktur. Som følge av planar om å auke fornybar kraftproduksjon, har SFE ein potensiell negativ påverknad gjennom framtidige arealinngrep- og endringar. Dette gjeld for både ny vasskraft, vindkraft og eventuelle framtidige anlegg for andre fornybare teknologiar.
Faktisk positiv påverknad	Indirekte beskyttelse av natur og biologisk mangfald	SFE bidrar til å redusere klimagassutslepp, gjennom produksjon av fornybar energi. Dette kan indirekte ha positiv påverknad på artar og biologisk mangfald.
Finansiell risiko	Auka utbyggingsrestriksjonar som følge av naturomsyn	Som følge av at SFE si utbygging av vasskraft, vindkraft og andre typar fornybarprosjekt påverkar natur og biologisk mangfald, er det knytt ein risiko til auka restriksjonar frå lokale og nasjonale myndigheiter.
Finansiell risiko	Utbyggingsmotstand i lokalsamfunn	SFE sin vind- og vasskraftutbygging kan møte motstand i lokalsamfunn som følge av påverknad på natur.

Påverknadane gir eit bilete på overordna nivå, ikkje kva som er dei spesifikke påverknadene, risikoane og moglegheitene pr. kraftverk eller vassdrag, då desse kan variere med lokale tilhøve og grad av påverknad.



Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5. MYNDIGHETSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

Retningslinjer (E4-2)

Berekraft er ein del av fundamentet i SFE sin overordna strategi. Omsyn til natur, artar og økosystem inngår i dette. Natur- og biomangfald er eitt av fem punkt i SFE sin overordna «Policy for energi, berekraft, klima og miljø» og har følgjande ordlyd: «Vi vil ta vare på livet på land og i vatn». Vi syner til omtale av retningslinja i E1-2.

I tillegg til denne er «policy for ytre miljø og vassdrag» viktig i arbeidet med å ta aktivt omsyn til miljøutfordringar og minimere miljøpåverknad. Retningslinja omhandlar kva vi skal ta omsyn til i drift av kraftverk og anna prosjektaktivitet og tiltak i vassdrag. Tre tema er omtalt:

- SFE skal drive «Miljøriktig vassdragsdrift», her under ivareta konsesjonsvilkår, aktuelle lover og forskrifter, søke etter gode løysingar og ha ei proaktiv tilnærming til avbøtande tiltak for å betre miljøtilstanden i vassdrag
- SFE skal legge vekt på fagleg kunnskap og kompetanse i avgjersler knytt til miløsaker
- SFE skal sørge for dialog med interessentar i saker knytt til vassdrag og miljø



² lbpes.net

Retningslinja vart etablert i 2014 og er forankra i SFE Produksjon sitt styre. Det er avdeling kraftverk ved fagleiar konsesjon og vassdrag som er ansvarleg for at retningslinja er implementert og vert overhalden. Retningslinja er tilgjengeleggjort internt og vert formidla til relevante tilsette som del av fagspesifikk opplæring. Retningslinja er ikkje offentleg tilgjengeleg.

I høve gjeldande konsesjonar og løyver som er gjeve til verksemda for å bygge ut og/eller drifte vassdrags- og energianlegg, er SFE forplikta til å ivareta dei til ei kvar tid gjeldande lovar og forskrifter. I dette forvaltar NVE også eit stort omfang av retningslinjer og rettleiarar som m.a. er knytt til ytre miljø og landskapsforhold. Dette dannar grunnlag for kva standardar, krav og beste praksis SFE har i vår handtering av miljørelaterte spørsmål. For å ivareta dette har SFE eit internkontrollsystem på tvers av lovgjevnad og fagområde. Dette sikrar at krav gitt i medhald av lovverket vert ivareteke, og at uønskte hendingar vert fanga opp, retta og lukka. Prosessane desse er ein del av vert kontinuerleg forbetra. Ein del av internkontrollen handlar m.a. om oppfølging av vilkår og tilsyn av ytre miljø og landskap. Dette er integrert i det førebyggjande vedlikehaldssystemet.

Tiltak og mål (E4-3, 4)

Naturkrisa² gjev eit naudsynt, auka fokus på ivaretaking av naturmangfald. Dette har vore eit fokusområde i bygging og drift av vasskraft og energianlegg, og det er sett krav til endra prioriteringar og auka medvit i SFE framover.

Det er den regionale vassforvaltingsplanen, godkjend av Klima- og miljødepartementet i 2021 som er retningsgivande for kva vassførekomststar det er prioritert å gjennomføre miljøforbetrande tiltak i. Kva tiltak som er planlagt og gjennomført i dei ulike vassførekomstane finn ein i vann-nett.no. Nokre tiltak er fysiske habitattiltak i vatn og elvar som ikkje går ut over kraftproduksjonen, medan det for ei rekke vassdrag rundt om i landet er aktuelt å gjennomføre vilkårsrevisjon som verkemiddel for å utløse tiltak som gir miljøforbetringar. Dei miljøtiltaka SFE utførar i våre påverka vassdrag må sjåast i lys av vassforskrifta og regional vassforvaltingsplan for gjeldande planperiode. Tiltaka har som mål å bidra til å auke miljøtilstanden mot Godt økologisk potensial eller God økologisk tilstand.

Problemkartlegging (døme «flaskehalsanalyse») og andre vassdragsbiologiske undersøkingar bidreg til å skaffe kunnskap om dei

konkrete miljøproblema. Dette ligg til grunn for dei vurderingar som er gjort i samarbeid med fiskebiologisk kompetanse. På den måten kan treffsikre avbøtande tiltak gjennomførast for å betre økologisk tilstand/potensial i det einskilde vassdrag.

I SFE sin mål- og strategiplan som er forankra i SFE Produksjon sitt styre, er biologisk mangfald og økosystem eitt av tre fokusområde som det er sett eigne mål til. Måla i denne planen er ikkje kvantifisert, men hovudmålet er at «SFE sin energiproduksjon skal vektlegge naturmangfald. Her under skal SFE ivareta trua eller sårbare artar, naturtypar og naturmangfald i ein regional samanheng, og avgrense andel «urørt» natur brukt til energianlegg til eit minimum».



Innhold

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten

Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi

Status i høve miljømål

Klimaendringar (E1)

Biologisk mangfald og økosystem (E4)

Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)

Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHETSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

Oversikt over miljømål, tiltak og status og kva IRO-ar tiltaka bidreg til å imøtekomme. Dette er tiltak som er gjennomført i 2024 og/ eller pågår i vassdrag som SFE påverkar. Forkortingar er forklart i fotnote³. I SFE sine påverka vassdrag som ikkje er nemnt i tabellen er miljømåla oppnådd.

Lokasjon / vassførekomst, kraftverk	Tiltak	Status	S/N	Økologisk tilstand/ potensiale	Miljømål	Frist for måloppnåing	Tiltaket bidreg til forbetring av IRO
Østerbøelva, Østerbø kraftverk	Habitatforbetrande tiltak for fisk.	Søkt NVE om løyve til gjennomføring. NVE har sendt planen ut på høyring. Gjennomførast i 2025. Frivillig tiltak frå SFE side.	S	MØP	GØP	SFE har mål om gjennomføring i 2026	Endra vasstand og vassføringspåverknad på planter og dyr
Vetlefjordselvi midtre og nedre del, Mel kraftverk	Ungfiskundersøkingar og kartlegging/ kvantifisering av areal som er forbetra gjennom tidlegare habitattiltak (gyting, oppvekst og fiskevandring).	Gjennomført i 2024, vert rapportert i 2025. Tiltaket er knytt til pålegg om overvaking som gjeld for perioden 2023-2028	S	SDØP og MØP	SDØP og GØP	Frist for måloppnåing i planperioden 2027-2033	Endra vasstand og vassføringspåverknad på planter og dyr og Arealinngrep- og endringar si påverknad på økosystem og biologisk mangfald
Vetlefjordelvi midtre og nedre del, Mel kraftverk	Vilkårsrevisjon som verkemiddel for å vurdere tiltak som ytterlegare kan forbetre miljøtilstanden innanfor eit akseptabelt krafttap	Saka ligg hjå NVE som vil vurdere igangsetting av vilkårsrevisjon eller ikkje	S	SDØP og MØP	SDØP og GØP	Planperioden 2022-2027	Endra vasstand og vassføringspåverknad på planter og dyr
Sværelvi, Sværen kraftverk	Flaskehalsanalyse: Vurdering av i kva grad elva har potensiale som gyte- og oppvekstområde for sjøaure.	Gjennomført i 2023 Rapportert i 2024 Frivillig tiltak frå SFE si side	S	MØP	GØP	Ingen.	Endra vasstand og vassføringspåverknad på planter og dyr
Bortneelva, Svelgen 1 kraftverk	Ungfiskundersøkingar for å evaluere effekten av tidlegare gjennomførte habitattiltak.	Gjennomført i 2024 Frivillig tiltak frå SFE si side.	S	DØP	GØP	Planperiode 2022-2027	Endra vasstand og vassføringspåverknad på planter og dyr
Stongselva, Stongfjorden kraftverk	Habitatforbetrande tiltak: Utlegg av gytégrus. SFE	Planleggast i 2025 med mål om gjennomføring i 2026	S	DØP	GØP	Planperiode 2022-2027	Endra vasstand og vassføringspåverknad på planter og dyr
Riseelva, Svelgen 4, kraftverk	Habitatforbetrande tiltak: Forbetring av vandringsveg	Gjennomført i 2023 Frivillig tiltak frå SFE si side.	S	MØP	GØP	Planperiode 2022-2027	Endra vasstand og vassføringspåverknad på planter og dy

³ S = SMVF (sterkt modifisert vassførekomst), N = Naturleg vassførekomst, SDØP = svært dårleg økologisk potensial, MDØP = moderat dårleg økologisk potensial, MØP = moderat økologisk potensial, GØP = godt økologisk potensial, SDØT = svært dårleg økologisk tilstand, GØT = god økologisk tilstand



Andre miljøtiltak som er sett i gang eller gjennomført, men som ikkje har konkrete fristar i høve miljømåloppnåing for vassforvaltingsplanane.

Lokasjon / vassførekomst, kraftverk	Tiltak	Status	Tiltaket bidreg til forbetring av IRO
Svelgenvassdraget, Kraftverka Svelgen 1 og 2	Gamle og midlertidige reguleringskonsesjonar er fornya, og moderne naturforvaltingsvilkår er innført	Prosess har pågått mellom 2017 og 2024. Nye konsesjonar er av Energidepartementet i 2024.	Indirekte beskyttelse av natur og biologisk mangfald
Øksendalsvassdraget, Nye Øksenelvane kraftverk	I planlegginga av Nye Øksenelvane kraftverk er det gjort omfattande kartlegging og miljøplanlegging for å oppnå best mogleg resultat med omsyn til naturmangfald og bruk av areal.	Gjennomført i 2023 og 2024. Bygging av kraftverk startar i 2025.	Indirekte beskyttelse av natur og biologisk mangfald
Lutelandet vindkraftverk	Overvaking: Lutelandet vindkraftverk sin påverknad på trekkande og stasjonær fugl er kartlagt gjennom bruk av radar for heile 2024 (mars-november). I tillegg er det gjennomført visuelle observasjonar av fugl for å korrigere radarspor og utfylle data frå radar. Det er gjennomført kadaversøk etter fugl som døyde som følgje av kollisjon. Og det er sett opp lytteboksar for å identifisere fugl som bruker arealet til kvile eller hekking.	Overvakingsprogrammet varer frå august 2022 til juni 2025 (3 år). Dette vert sluttrapportert i løpet av 2025.	Arealinngrep- og endringar si påverknad på økosystem og biologisk mangfald
Alle anlegg	Naturkartlegging: I 2024 starta SFE opp eit internt naturkartleggingsprosjekt som gir oss kartfesta oversikt over areal og natur som er påverka av vår aktivitet	Starta opp i 2024, held fram i 2025	SFE har potensiell negativ påverknad som følgje av planane om å auke produksjon av fornybar kraft og dermed vil SFE potensielt ha eit betydeleg behov for nye areal til kraftverk (vatn, vind og framtidig biogassanlegg), samt tilhøyrande infrastruktur.
Alle anlegg	Internkontroll: M.a. oppfølging, driftsovervaking og – styring i høve vilkår, revisjon av beste praksis for manøvrering	Langsgåande	Indirekte beskyttelse av natur og biologisk mangfald
Uteområde, Mel kraftverk	Planting av blomar og reduksjon i grasklipping for å auke mattilgangen for store pollinatorar og andre insekt.	Det er observert auka aktivitet av insekt på dei aktuelle områda. Tiltaket held fram.	Arealinngrep- og endringar si påverknad på økosystem og biologisk mangfald

Tiltak i verneområde

Nokre installasjonar og bygningar knytt til vår aktivitet ligg nær ved eller innanfor område verna etter naturmangfaldlova. Tilsyn og vedlikehald av desse medfører behov for tilkomst. Nokre av dei ligg høgt til fjells og dermed er helikopter eller drone aktuelle framkomst- og tilsynsmetodar. For å hindre unødig skade og forstyrring på flora og fauna og for at forvaltinga skal ha kontroll med motorferdsleaktiviteten i verneområda, hentar SFE inn fleirårige flygings- og landingsløyver i Ålfotbreen landskapsvernområde. Desse ligg til grunn for vår moglegheit til å utføre tilsyn og for NVE til å utføre bremålingar. Tal flyging og landingar vert årleg rapportert til verneområdeforvaltinga.

Nøkkeltal

(E4-5)

Nøkkeltal for påverka vassførekomstar

SFE konsernet påverkar 163 vassførekomstar, i høve dagens inndeling av vassførekomstar som har ID i databasen vann-nett.no4. Av desse høyrer 91 førekomstar til SFE Produksjon AS sine anlegg, 10 til Firdakraft AS og 62 til Svelgen Kraft AS.

Vassførekomstane er ei blanding av reguleringsmagasin, elver og bekker med ulik grad av regulering, overføring eller fråføring, og med ulikt påverka areal/lengde, geografisk lokasjon, høgde over havet

og vassdragstype. Kva påverknad vasskraftproduksjonen har er i databasen skildra med grad av påverknad (stor, middels, liten i høve metodikken i vassforskrifta).

Nøkkeltal for arealbeslag og -inngrep

SFE har pr. 31.12.2024 ikkje oversikt over kor store areal som er beslaglagt som følgje av vasskraftaktiviteten vår. Gjennom godkjende detaljplanar for miljø og landskap som må ligge føre før eit større rehabilitering- eller utbyggingstiltak knytt til vassdrags- og energianlegg kan setjast i gang, er arealbruken skildra i kvart prosjekt som har ein slik plan. Naturkartleggingsprosjektet som er nemnt i tiltakstabellen, vil gi oss oversikt over arealbruk til neste års rapportering.

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

Innhold

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID



For vindkraftaktiviteten på Lutelandet i Fjaler er arealbruken kartlagt. I byggeperioden vart 126,1 dekar påverka; fordelt på 48,9 dekar myr og 77,2 dekar fjell/snaumark. Etter at anlegget var ferdig vart det totale fotavtrykket på arealbruk innmålt av SFE til 56,7 dekar. Målingane var gjort f.o.m. der vegen stoppa i 2015 (før utbygging, dette treng gjerne ei forklaring med kart/bilete).



Arealbeslag for Lutelandet vindkraftverk, pr. 2024.

Type inngrep	m2
Vegar (4881 meter ny veg)	31 826
Oppstillingsplassar for 9 turbinar	19 025
Transformatoromt	2 440
Anna nytta areal	3 409
Totale inngrep	56 700

Nøkkeltal for inngrep i verneområde

Nokre av SFE sine installasjonar og inngrep ligg nær ved eller innanfor verna naturområde etter naturmangfaldlova. Ingen av desse installasjonane er etablerte etter at områda vart verna. Svelgen kraft eig areal i tre ulike teigar som ligg innanfor verna område. Gloppen Energi, Innvik kraftverk, Jølstra kraftverk er ikkje inkludert. Type installasjonar som inngår i oversikta er reguleringsmagasin, inntak, overføringstunnel, byggverk eller bygningar knytt til vasskraftproduksjon. Data er basert på manuell opteljing.

Installasjonar nær eller i verna områder.

Type	Tal, 2024
Installasjon/inngrep innanfor verna område	6
Installasjon eller inngrep < 1 km frå vernegrense (randsone)	47
Eigedom innanfor verna område	3

Naturrelaterte risikoar, overgangsrisiko og tilpassing (E4-6)

SFE har foreløpig ikkje utført naturrisikokartlegging i høve CSRD-krava. Dermed er ikkje økonomiske effektar av tiltak knytt til biologisk mangfald og økosystemrelaterte risikoar og moglegheiter berekna. Naturkartlegging er starta opp og neste steg i prosessen vil vere naturrisikovurdering

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG
SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av
berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG
SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG
BRANSJESAMARBEID

Ressursbruk og sirkularitet (E5)

Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter

(SBM-3)

Det er avdekka ein vesentleg IRO knytt til tema ressursbruk og sirkularitet

Påverknad, risiko, moglegheit	Namn på påverknad	Skildring av påverknad, risiko, moglegheit
Faktisk negativ påverknad (vesentleg)	Ressursbruk frå innkjøpt materiell	Utbygging, vedlikehald og rehabilitering av vass- og vindkraftverk med infrastruktur krev store mengder råvarer og ressursar i form av m.a. betong, stål, elektromekanisk og elektronisk utstyr.

Verdikjedekartlegging og arbeid med risikoanalyse og aktsemd har gitt oss overordna oversikt over typar ressursar og materialar som går inn i verksemda. I hovudsak er det knytt til større prosjekt innan vedlikehald, rehabilitering og nybygg. I tillegg vert det kjøpt inn ulike typar mindre komponent og varer som trengs for å drifte verksemda.

Dei vesentlege påverknadene knytt til ressursar og materialar som går inn i SFE si verksemd er i hovudsak knytt til utvinning og bruk av råstoff og produksjon av nye produkt som vi kjøper inn, for å bygge og drifte kraftanlegg. Det bidreg negativt på framtidig tilgang og utvinning frå primærkjelder. Etter kvart som ressursane vert utvunne vil risikoen for knappheit på vesentlege innsatsfaktorar, medfører auka prisar og auka finansiell risiko.



Overgang til ein sirkulær økonomi kan bety at SFE sin negative påverknad på ressursflyt inn kan reduserast, noko som potensielt kan bidra til redusere utvinning av heilt nye mineralar og materialar. Ved å etterspørje resirkulerte produkt og materialar, og bidra til gjenvinning, reparasjon og levetidsforlenging kan SFE være ein del av den sirkulære «loopen».

Retningslinjer

(E5-1)

Sirkularitet er inkludert i overordna «Policy for energi, berekraft, klima og miljø» og seier at: «Vi vil handtere innsatsfaktorane [våre] gjennom tilnærming til sirkulær økonomi». Retningslinja er omtalt i kapitlet Klimaendringar, det vises til denne. Sirkularitet er også eit av tre fokusområde i mål- og strategiplan og legg opp til å «ta i bruk prinsippa om sirkulær ressourshandtering».

Tiltak

(E5-2)

Vedlikehald og rehabilitering av eksisterande kraftverk bidreg til å forlenge levetida og optimalisere utnytting av vass- og vindressursane. I slike prosjekt vert det gjort vurderingar av kva komponent som bør skiftast ut og kva som kan leve vidare. Deretter vert utslitne, ikkje-fungerande eller «gamaldagse» kraftverkskomponent og -anlegg demontert. Avfallet vert sortert og avhenda slik at det går til materialgjenvinning, energigjenvinning eller anna avfallshandtering. På denne måten går brukte materialar inn i den sirkulære verdikjeda. I dei situasjonar vi vel å ikkje rive ut og fornye ulike komponent/anlegg, men heller reparere og forlenge levetida, har vi spart verksemda og samfunnet for unødig avfall og ressursbruk.

I samband med trafo-utbetring på eit kraftverk, valde SFE å regenerere trafo-olja i staden for å skifte den ut med heilt ny olje. I samband med utskifting av oljekablar på eit anna anlegg vart gamle kablar sendt til materialgjenvinning og utbetringa medførte ein ikkje ubetydelege reduksjon i internt kraft- og overføringstap på anlegget. Etter eit lagerhavari på eit anna kraftverk vart levetidsforlenging utført på staden med få nye komponent inn.

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

Ved innkjøp av nye komponentar er det fokus på å nytte resirkulert materiale der det er mogleg, t.d. ved innkjøp av stål og armering. På dam Hjelmevatnet i Svelgenvassdraget utførar vi måling av deformasjonar for å få underlag for dokumentasjon av dammen si styrke fram mot neste revurdering. Vårt mål er å forlenge levetida til dammen gjennom kvalitetssikra dokumentasjon som gjer at NVE kan godkjenne sikkerheita til dammen fram i tid. Å forlenge levetida på eit slikt stort betongbyggverk, meiner vi er god ressurshandling og berekraft i praksis, då riving og nybygg er forbunde med behov for nye materialar, klimagassutslepp og kostnader.

SFE-konsernet sender øydelagt og brukt IT-utstyr til Goitloop, ei ordning for resirkulering. Utstyret vert plukka frå kvarande i ulike delar som for eksempel plast eller metall før det vert resirkulert vidare. Avfall frå dagleg drift og prosjekt vert sortert, og levert renovasjonsselskap og mottakarar av gjenvinnbart materiale i høve dagens regelverk og ordningar.

Mål

(E5-3)

I SFE sin mål- og strategiplan legg vi opp til å «ta i bruk prinsippa om sirkulær ressurshandling» som inneber fokus på

- vedlikehald og drift som gir optimal levetid på anlegg og komponentar
- reduksjon av mengde avfall (mål om 90 % sorteringsgrad i nokre prosjekt) og auke sortering, gjenvinning og ombruk
- auke del innsatsfaktorar som er designa for sirkularitet og effektiv ressursbruk

Nøkkeltal

(E5-4)

Ressurstilførsel

Gjennom dobbel vesentlegheitsanalisa er det vurdert at ressurstilførsel er eit vesentleg tema for SFE. I hovudsak er ressurstilførsel knytt til større prosjekt innan drift, vedlikehald, rehabilitering og nybygg. I tillegg vert det kjøpt inn ulike typar mindre komponent, varer og tenester som trengs i drifta.

I 2024 var det slutført ei handfull større prosjekt der innkjøp av komponent og materialar av ulike typar utgjorde ein stor del av ressursbruken i prosjekta. Desse var hovudrevisjon i Svelgen 4 kraftverk, bygging av ny Brehytte, restaurering av ei kontorfløy på hovudkontoret og utskifting av kablar i Åskåra kraftverka.



Mengder av utvalde vesentlege materialar som vart tilført dei fire byggeprosjekta. Tala som inngår har noko ulik detaljeringsgrad, i høve faktisk og anslått mengde.

Ressurstilførsel	2024
Materialbruk fra drift, vedlikehold og utbygging (tonn) (E5-4, 31a)	tonn
Betong	197,4
Treverk	85,6
Stål	78,6
Kablar	58,5
Vindauge / frontar	5,2
Gips	2,8
Sum	428,1



Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG
SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av
berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG
SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG
BRANSJESAMARBEID

3. Sosiale forhold

Eigne tilsette
(S1)

Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter
(SBM-3)

Gjennom dobbel vesentlegheitsanalyse vart det i 2024 identifisert at SFE har følgande vesentlege påverknader og moglegheiter knytt til eigne tilsette:

SFE opererer i ein bransje som er utsett for HMS-risiko. Systematisk HMS-arbeid har difor vore i fokus i konsernet over mange år, med visjonen «Like heil både inni og utanpå» som eit sentralt utgangspunkt. Visjonen femner om både det fysiske og det psykososiale arbeidsmiljøet, der HMS-arbeidet er eit målretta og langsiktig arbeid for å skape tryggleik og arbeidsglede. HMS-arbeidet er og tett knytt opp til SFE sine verdiar – Stolt, Frisk, Ekte.

Ein sentral del av både overordna strategiplan og operativt HMS-arbeid i SFE handlar og om å styrke mangfaldet, og å jobbe aktivt for likestilling og inkludering. Tradisjonelt har arbeidsplassane i konsernet vore mannsdominerte, så mykje av mangfaldsarbeidet dei siste åra har vore knytt til å fremje kvinner sin stilling. På generelt grunnlag har SFE fokus på at ein i mangfaldsarbeidet skal jobbe mot å gi alle ein likestilt plass rundt bordet, uavhengig av skilnader mellom folk som til dømes kjønn, alder, funksjonsevne, etnisitet, seksuell orientering, yrkesfagleg bakgrunn eller personlegdom. Det er viktig å sikre at alle blir høyrte og verdsett for den dei er, og å sjå mangfald som ein styrke.

Det vart ikkje identifisert finansielle risikoar knytt til eigne tilsette i den doble vesentlegheitsanalysa.

Påverknad, risiko, moglegheit	Namn på påverknad	Skildring av påverknad, risiko, moglegheit
Faktisk positiv påverknad	Gode arbeidsforhold for våre tilsette	SFE sine tilsette har fleksibilitet i arbeidskvarden og høg jobbtlfredsheit. Medarbeidarundersøkinga syner svært positive resultat for arbeidsmiljø.
Faktisk positiv påverknad	Faste tilsettingar og rettferdig løn	Det er hovudsakeleg faste tilsettingar, og i årsrapport er det understreka at det ikkje er nokon som arbeider ufrivillig deltid i SFE. Det er ei positiv påverknad dersom tilsette føler dei får rettferdig løn og har faste tilsettingar.
Faktisk positiv påverknad	Høg grad av fagorganisering i selskapet	SFE har høg grad av fagorganiserte tilsette og har gjennom mange år hatt eit godt samarbeid mellom arbeidstakar- og arbeidsgjevarsida.
Potensiell negativ påverknad	Uønska HMS-hendingar, både fysiske og psykososiale for våre tilsette	Det har potensiell negativ påverknad på tilsette dersom det skjer uønskte hendingar knytt til tryggleik, helse og arbeidsmiljø på arbeidsplassen; både fysisk og psykososialt.
Potensiell negativ påverknad	Kjønnslikestilling i ein mannsdominert bransje	Manglande likestilling, mangfald og inkludering kan ha negativ påverknad på tilsette frå underrepresenterte bakgrunnar, ved at dei kan oppleve seg marginaliserte og undervurderte på arbeidsplassen. SFE har i dag låg andel kvinner i bedrifta, og låg andel medarbeidarar frå andre kulturar / etnisitetar.
Moglegheit	Leiande aktør driven av fagfolk	SFE har moglegheiter til å vere ein leiande aktør i bransjen. Det blir viktig å få tak i kvalifiserte, engasjerte og framtidsretta fagfolka.

Den doble vesentlegheitsanalysa stadfestar at SFE allereie er ein god arbeidsgjevar som legg godt til rette for sine tilsette på viktige område. Det gjeld til dømes arbeidsforhold og arbeidsmiljø, lønsnivå, og samarbeid mellom selskapsleiing og tilsette via tillitsvald-apparatet.

Samstundes er det viktig for SFE å halde fram med å ha eit strategisk og løpande fokus på arbeid med HMS og likestilling, mangfald og inkludering. Desse felte har potensiale for å verke negativt inn på tilsette, dersom ein ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til å utvikle og forbetre seg på ein systematisk og heilskapleg måte.



Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5. MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID



RETNINGSLINJER

(S1-1)

SFE har fleire viktige retningslinjer som gjeld alle leiarar og tilsette, og som er knytt til dei vesentlege berekraftstema som er identifisert i dobbel vesentlegheitsanalyse.

Verdi- og etikkplattform

Verdi- og etikkplattforma er sjølve berebelken for SFE sitt virke, og grunnlaget for å framheve og sikre eit godt arbeidsmiljø og gode arbeidsforhold i selskapet. Verdi- og etikkplattforma er publisert som ein del av SFE si personalhandbok, og eigast av konsernsjefen. Konsernsjefen og leiargruppa har ansvaret for etterleving av desse retningslinjene.

Formålet med verdi- og etikkplattforma er m.a. å tydeleggjere kva som skal prege miljø og prosessar internt. SFE sine verdiar «stolt, frisk og ekte» ligg som grunnmur i plattforma, saman med prinsipp

om respekt og openheit, og at ein kontinuerleg må arbeide med å skape eit trygt arbeidsmiljø. Innhaldet i verdi- og etikkplattforma omhandlar tema som etikk, leiarkultur, ytringsfridom, varsling, sosiale media, interessekonfliktar, teieplikt, innkjøp, gåver og representasjon, innsynsrett og eigarrett, og mobbing, trakassering og diskriminering.

Strategiar

SFE jobba fram ein ny konsernstrategi i 2024, der berekraft og HMS ligg som eit fundament i botnen, og som ein del av identiteten til både selskapet og dei tilsette. Strategien skal bidra til å framheve den positive påverknaden som gode arbeidsforhold har på dei tilsette.

SFE sin HMS-strategi er bygd opp med ein visjon og ein overordna HMS-politikk på toppen. Visjonen er at alle tilsette skal kome heim like heil, både inne og utanpå. I dette ligg at ein skal strekke seg mot å ha eit trygt arbeidsmiljø, både fysisk og psykososialt. HMS-politikken i selskapet seier vidare at HMS-arbeid er «eit målretta og langsiktig

arbeid for å skape tryggleik og arbeidsglede for tilsette, og for å redusere skade på det ytre miljøet».

HMS-visjonen er også spesielt forankra gjennom «HMS-løftet» som alle personaleiarar skal signere på som ein del av si leiargjerning. I HMS-løftet seier kvar leiar seg samd i følgande utsegn:

- Eg har ansvaret for at vi har eit raust fellesskap der alle opplever eit godt arbeidsmiljø
- Eg skal kontinuerleg jobbe med forbetringar for å sikre tryggleik og arbeidsgleder i kvardagen
- Eg meiner at alle uønska hendingar og ulykker kan forhindrast
- Eg skal løfte fram det vi er gode på, og sikre at vi deler kunnskap og skapar læring
- Eg meiner at eit ope og inkluderande arbeidsmiljø gjer oss sterkare

System og retningslinjer for forhindring av ulykker på arbeidsplassen Selskapet har eit styringssystem som inneheld rutinar og retningslinjer knytt til ulike arbeidsoperasjonar som skal bidra til å redusere HMS-risiko, dvs. forhindre skader og ulykker. Eit døme er bruk av verneutstyr. Selskapet har og eit system for innmelding av uønska hendingar og handtering av desse, for kontinuerleg oppfølging av arbeid med utbetring, forbetring og læring.

Retningslinjer for varsling av kritikkverdige forhold SFE har rutine knytt til varsling av kritikkverdige forhold etter arbeidsmiljølova §2A-1 (2). Denne er nærmare skildra under S1-3.

Personalhandbok

SFE sine retningslinjer for leiarar og tilsette elles, er skildra i personalhandboka. Denne har utfyllande informasjon knytt til m.a. arbeidsforhold, interne rutinar, utvikling, godar og HMS. Den har og eigne kapittel for leiarar med meir utfyllande retningslinjer knytte til leiarrolla generelt og oppfølging av medarbeidarar spesielt. Ein høg etisk standard med fokus på mangfald og inkludering er forventa av leiarar og tillitsvalde, noko ein skal sjå igjen i åtferd og haldningar. Personalhandboka (inkl. leiarhandbok) eigast av konsernsjefen og følgjast opp i praksis av leiarar med personalansvar med støtte frå HR-funksjonen i verksemda. Nokre delar av personalhandboka er knytt til forhold i lokal særavtale og forhandlast om mellom arbeidsgjevar og tillitsvalde, medan andre delar er reine administrative rutinar.

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5. MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

Samarbeid mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarrepresentantar (S1-2)

SFE har mange informasjons- og samhandlingskanalar og -arenaer som skal bidra til at dei tilsette vert involvert og engasjert i drifta og utviklinga av selskapet.

I SFE har ein lang tradisjon for eit godt samarbeid mellom arbeidsgjevar- og arbeidstakarrepresentantar. Samarbeidet går føre seg på ulike formelle arenaer:

- Konsernutvalet (arena for tillitsvalde)
- Arbeidsmiljøutvalet (arena for verneombod)
- Akanutvalet
- Likestillingsutvalet
- Etisk utval

Konsernutvalet (KU) består av to representantar frå kvar av dei fire fagforeiningane som selskapet har tariffavtale med, i tillegg til konsernsjef og HR-sjef i selskapet. KU møtast fast i forkant av kvart konsernstyremøte. Her får dei tillitsvalde ei oppdatering på kva saker som takast opp i konsernstyret. I tillegg kan både KU-medlemmar og administrasjonen melde inn saker til drøfting eller orientering, t.d. endring og utvikling på det personalpolitiske området. Ein gjennomfører også ekstra møte i Konsernutvalet etter behov, t.d. viss ein held på med større endrings- eller omorganiseringsprosjekt. Det er utforma vedtekter for KU, og formålet med utvalet er formulert slik: «Gjennom medverknad og samarbeid skal KU skape gode økonomiske føresetnader og grunnlag for ei positiv utvikling for SFE-konsernet, samt sikre trygge og gode arbeidsforhold for dei tilsette i konsernet. Det er ei felles plikt for dei tillitsvalde i utvalet og leiinga i konsernet å ta initiativ til og aktivt støtte opp om og medverke til samarbeid.». Leiar i Konsernutvalet er ansvarleg for å kalle inn til møta, og leiar desse.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) består av tre representantar for arbeidsgjevar (konsernsjef, HR-sjef og ein til frå leiargruppa) og tre representantar for dei tilsette vald mellom dei aktive verneombod ein har for ulike oppmøteplassar. AMU har i utgangspunktet fire møte per år, fordelt kvartalsvis gjennom året, og handsamar både vedtakssaker, drøftingssaker og orienteringssaker knytt til heile HMS-området. I SFE har ein lenge praktisert at arbeidstakarsida og arbeidsgjevarsida byter på å ha leiarrolla for utvalet kvart år. Tradisjonen har då vore at det er konsernsjef som har rolla for arbeidsgjevarsida, og hovudverneombod

for arbeidstakarsida. I 2024 var det arbeidsgjevarsida som hadde leiarrolla. AMU har også ei sekretærrolle som syter for praktisk arbeid med førebuing av møte, innhenting av saksgrunnlag og føring av referat. Denne rolla har tradisjonelt vore handtert av HR/HMS-funksjonen frå arbeidsgjevarsida.

Akanutvalet er eit underutval av AMU, og består av to representantar frå arbeidsgjevar og to representantar frå dei tilsette. Utvalet fungerer i praksis som ei arbeidsgruppe som planlegg, organiserer, gjennomfører og oppdaterer førebyggjande arbeid knytt til rus- og spelavhengigheit. I 2024 jobba utvalet med å oppdatere selskapet sin rusmiddelpolitikk og politikk for spelavhengigheit. I tillegg har utvalet møte i forkant av større selskapsarrangement, som t.d. personalsamling og julebord, for å sikre at planlegging og gjennomføring av desse tek omsyn til den politikken som selskapet har knytt til t.d. bruk av alkohol.

Likestillingsutvalet i SFE har to representantar frå arbeidsgjevar og to representantar frå dei tilsette. I 2024 har utvalet bestått av to kvinner og to menn. Likestillingsutvalet sitt ansvar er å utarbeide forslag til målsettingar og handlingsplan for arbeidet med mangfald, inkludering og likestilling, og å koordinere dette arbeidet i praksis. I 2024 vart det utarbeida ein overordna strategi og ein handlingsplan for dette arbeidet, som vart vedteke i både leiargruppa og AMU.

Etisk utval skal først og fremst vere ei støtte for vurderingar kring etiske problemstillingar; ein stad tilsette fortruleg kan kome med

spørsmål knytte til etikk, drøfte løysingar og få råd. Utvalet kan også ta ansvar for eventuell vidare handsaming av saker og problemstillingar. I tillegg skal det etiske utvalet på eiga hand ta opp, eller ta initiativ til, drøfting av viktige og aktuelle etiske tema for SFE. Utvalet har to representantar frå arbeidsgjevar og to representantar frå dei tilsette. I tillegg kan ein i enkelt saker utvide utvalet med plasstillitsvalde eller liknande.

Utover dei faste, formelle fora nemnd ovanfor, vert sjølvsaugt tillitsvalde òg involverte i dei utviklingsprosjekta og omorganiseringsprosjekta som til ei kvar tid går føre seg. I tillegg til formelle fora der arbeidsgjevarsida og arbeidstakarsida er representerte, har ein og rutinar for individuell oppfølging av medarbeidarar. I samspelet mellom kvar medarbeidar og nærmaste leiar står medarbeidersamtalen sentralt. Det gjennomførast ein formell hovudsamtale og ein halvtårs oppfølgingssamtale per år, i tillegg til løpande oppfølging og dialog gjennom året.

Vanlege informasjonskanalar i konsernet er:

- Infomøte (månadleg)
- Avdelingsmøte (dagleg, vekentleg eller månadleg – avhengig av type avdeling/arbeid)
- Personalsamling (årleg samling av alle)
- Intranett
- Digitale infoskjermar
- Teamskanalar for tverrgåande prosjekt
- E-post



Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

Forbetringsforslag og varslingskanal (S1-3)

Rapportering av uønska hendingar og forbetringsforslag SFE har som mål å ha ein god meldingskultur. Dette inneber at det skal vere ein låg terskel for å seie i frå om noko ikkje er som det burde vere. Konsernet har eit meldingshandteringssystem der alle kan melde inn både feil og avvik, uønska hendingar og forbetringsforslag. Dette systemet brukast både til HMS-hendingar og andre hendingar. Meldingane går inn i ei sakshandsamingsrutine, der aktuelle leiarar får tildelt dei ulike hendingane og skal følgje desse opp. Leiing og styre vert halde jamleg oppdatert på denne rapporteringa i sine møte.

Varsling av kritikkverdige forhold

SFE har ein rutine for varsling av kritikkverdige forhold etter arbeidsmiljølova §2A-1 (2). Informasjon om denne rutinen ligg i personalhandboka. Prosessen er skildrar i korte trekk nedanfor, Varsling kan gjerast både skriftleg og munnleg. Selskapet oppmodar om å bruke den digitale varslingskanalen i HR-systemet, som mogleggjer anonym varsling dersom det er ønskjeleg. Via denne kanalen har ein eit sakshandsamingssystem tilgjengeleg som mogleggjer kommunikasjon med varslar i saken, samt effektiv oppfølging og arkivering.

Oppfølging av varsel skal skje etter prinsipp for god og ansvarleg sakshandsaming, som inneber konfidensialitet, habilitet og moglegheit for kontradiksjon. Følgande rutine gjeld:

- Den som varslar skal utan opphald, og seinast innan ei veke, få tilbake-melding om at varselet er motteke
- Den som mottok varselet skal utan opphald ta kontakt med leiar for Etisk Utval
- Etisk Utval skal handsame alle varsel i SFE
- Leiar for Etisk Utval skal saman konsernsjef eller styreleiar drøfte nødvendige straktiltak, inkludert nødvendige førebyggjande tiltak for å verne om den som varslar, andre involverte, samt den/dei det vert varsla om
- Etisk utval skal levere ein sluttrapport om undersøkinga til konserns-jef/styreleiar
- Arbeidsmiljøutvalet skal orienterast om oppsummering av un-dersøkinga av varselet, tiltak for å sikre arbeidsmiljøet for involverte, samt gjenopprettande og førebyggjande tiltak
- Ved grunnlaus eller misforstått kritikk skal varslar få ei ansvarleg tilbakemelding og forklaring



Det kan varslast til nærmaste overordna, etisk utval, tillitsvalde, verneombod, AMU eller bedriftshelsetenesta. Ein kan og varsele til konsernsjef eller styreleiar om ein opplev at varsel ikkje blir følgt opp. Å varsele advokat kan og vere eit alternativ om ein synest det er vanskeleg å varsele internt. Medarbeidarane i SFE er oppfordra til å bruke desse kanalane i første omgang, før ein eventuelt nyttar retten til å varsele i offentlege kanalar som t.d. media eller tilsynsorgan. SFE følgjer retningslinjer om at dei som varslar skal beskyttast, og har krav på eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø. For å sikre for dette skal SFE som arbeidsgjevar om nødvendig syte for førebyggjande tiltak. Leiargruppa og styret haldast informert om varsel etter behov, når det oppstår. Historisk er dette sjeldan, og i 2024 var der ingen varsel.

Tiltak (S1-4)

Tiltak for å sikre gode arbeidsforhold for tilsette, faste stillingar og rettferdig løn, og høg grad av fagorganisering

- Leiarutvikling med fokus på god medarbeidaroppfølging
- Grundige lønsforhandlingar i god og open dialog med tillitsvalde
- Informasjon til nyttilsette om tillitsvald-apparatet i konsernet
- Sosiale hendingar

Tiltak for å redusere HMS-risiko og manglande likestilling

Basert på at den betydelege HMS-risikoen som mange tilsette i SFE er utsette for, står HMS-arbeid sentralt i selskapet. Tiltak for å redusere slik risiko er:

- Internkontroll etter helse-, miljø- og sikkerheitslovgivinga
- Løpande risikovurderingar og sårbarheitsanalyser
- Vernerundar for å avdekke forhold som kan påverke tryggleiken på arbeidsplassen
- Retningslinjer og prosedyrar for ulike arbeidsformer og -oppgåver
- Årleg oppdatering av HMS-handlingsplan basert på identifiserte risikoar
- Krav til personleg verneutstyr
- Kontinuerleg tilsyn og vedlikehald av tryggleikssystem
- Rapportering av uønskte hendingar
- Sikker jobb analyse (SJA)
- Risikovurdering etter SHA-plan implementert i HMS-arbeidet i pros-jekt der vi er byggherre
- Leiarutvikling for å sikre tydeleg og einskapleg HMS-leiing
- Arbeid med å bygge kultur for tryggleik og kontinuerleg forbetring
- Ulike kommunikasjonsverktøy for å utvikle og følgje opp positive haldningar i organisasjonen
- Medarbeidarundersøkingar for å kartlegge arbeidsmiljø

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

SFE er ein del av ein mannsdominert bransje. Tiltak for å minimere risiko for manglande likestilling og mangfald er:

- Ambisjonar knytt til mangfald og likestilling er nedfelt i konsernstrategi og handlingsplanar
- Rekruttering med fokus på å rekruttere fleire kvinner spesielt, og meir mangfaldig generelt
- Leiarutvikling med fokus på å auke mangfaldskompetanse hos leiarar
- Bevisstgjeringsaktivitetar for å auke mangfaldskompetanse hos tilsette generelt
- Nulltoleranse for ulik handsaming av medarbeidarar, uavhengig av kjønn, religion, kulturell bakgrunn, politisk ståstad eller seksuell legning.
- Likestillingsutval som følgjer opp arbeid knytt til intensjonane i likes-tillings- og diskrimineringslova

Tiltak for å sikre tilgang på kvalifiserte fagfolk

- Deltaking i rekrutteringsnettverk i vår region
- Aktiv marknadsføring av selskapet som ein attraktiv arbeidsgjevar, i relevante kanalar og nettverk
- Aktiv deltaking i aktivitetar retta mot ungdom og studentar for å få dei til å velje vår bransje
- Konkurransedyktige tilsetjingsvilkår
- Tilby karrieremoglegheiter og personleg utvikling

Mål og styring
(S1-5)

Mål knytt til det å sikre gode arbeidsforhold for tilsette, faste stillingar og rettferdig løn, og høg grad av fagorganisering NB!

Målsetting	Resultat
100% gjennomføringsgrad medarbeidersamtalar	100%
Minst 6 møter i Konsernutvalet per år	100%
100% gjennomføring av alle oppgåver onboarding-program for nyttilsette	100%

Mål knytt til reduksjon av HMS-risiko og risiko for manglande likestilling

Mål og resultat knytt til HMS. I 2024 hadde konsernet følgande målsettingar i sin årlege HMS-handlingsplan utarbeida gjennom samarbeid i Arbeidsmiljøutvalet

Målsetting	Resultat
Rapportering, oppfølging og lukking av minst 200 uønskte hendingar årleg, av desse 60% HMS-relaterte (120 stk)	152 innmelde hendingar, der 120 av desse var HMS-relaterte
Rapportering, oppfølging og lukking av minst 200 forbetringsforslag	58 innmelde forbetringsforslag
Sjukefråvær <3%	3,0% sjukefråvær totalt i 2024, mot 4,89% i 2023. Korttidssjukefråværet var på 1,6%, og det same var langtidssjukefråværet.
Null skadar / ulykker med fråvær	Null skader / ulykker med fråvær
100% gjennomføringsgrad vernerunder	100%
100% gjennomføringsgrad medarbeidersamtalar	100%
30% kvinneandel innan 2030	2024: 24% 2023: 22% Tidlegare år under 20% (anna konsernstruktur)

Handlingsplanen for HMS-arbeidet vert følgd opp i AMU-møte og leiarmøte, og vert teke opp i konsernstyret når HMS er årleg temasak.

Mål knytt til rekruttering av kvalifiserte fagfolk

For 2024 var det ikkje definert konkrete mål knytt til denne IRO-en, sidan ein ikkje hadde gjennomført dobbel vesentlegheitsanalyse enda. Men i strategiprosessen gjennom 2024 var det jobba med å lande konkrete målsettingar på tal aktivitetar opp mot elevar og studentar, tal traineear og lærlingar i selskapet til ei kvar tid, tal relevante søkjarar på alle utlyste stillingar mv. Desse vil bli følgde opp frå 2025.

Informasjon om tilsette
(S1-6)

Data om verksemda sine tilsette er henta ut frå lønssystemet.

Tabellen under viser tal tilsette per 31.12.2024 totalt sett i konsernet, og fordelt på selskap.

Kategoriar av tilsette	Kvinne	Mann	Andre	Ikkje rapportert	Totalt
Totalt tal tilsette i årsverk	24,1	76,4	-	-	100,5
Fast tilsette, årsverk	23,2	75,0	-	-	100,5
Midlertidig tilsette, årsverk	0,9	1,4	-	-	2,3
Tal timeløna tilsette, årsverk	0,6	0,1	-	-	0,7
Tilsette fulltid, årsverk	21,9	75,4	-	-	100,5
Tilsette deltid, årsverk	2,2	1,0	-	-	3,2

SFE har i praksis nesten ingen deltidsarbeidarar. Dei det gjeld, jobbar innanfor reinhald og ønskjer sjølv å jobbe deltid, eller der er forhold knytt til uførleik.

Turnoveren i SFE har historisk sett vore låg. I 2024 var det 6 personar som slutta – 1 kvinne og 5 menn – som gir ein turnover på 5,5%.

Ikkje-tilsette arbeidarar i eigen arbeidsstyrke
(S1-7)

Selskapet har ikkje arbeidstakarar i eigen arbeidsstyrke som ikkje er tilsett.

Tariffdekning og sosial dialog
(S1-8)

63 prosent av dei tilsette i konsernet er omfatta av tariffavtaler som selskapet er bunden av. Desse avtalene er Energioverenskomsten, Hovedavtalen-Tekna, NITO-overenskomsten, og Funksjonæravtalen-Negotia.

Tillitsvalde frå dei fire fagforeiningane El og IT, Tekna, Nito og Delta er medlemmar av tidlegare omtala Konsernutvalet, jf. dialog mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar, og 63 prosent av dei tilsette er soleis formelt omfatta av den sosiale dialogen.

I tillegg har selskapet inngått ei lokal særavtale med dei fire fagforeiningane om vilkår som gjeld alle tilsette, uavhengig av foreiningstilhøyrslle eller ikkje.

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

SOSIALE FORHOLD

Mangfald (S1-9)

Toppleiinga i SFE-konsernet bestod per 31.12.2024 av ei leiargruppe på ni personar, som utgjer 7,8 % prosent av totalt tal tilsette i konsernet. Av desse var det to kvinner (22 %) og sju menn (78 %).

Aldersfordelinga av dei tilsette i SFE var slik per 31.12.2024:

Aldersgruppe	Tal tilsette	Prosent
Under 30 år	10	9%
30 – 50 år	48	42%
Over 50 år	57	50%
SUM	115	100,00

Tilstreккеleg løn (S1-10)

Tilsette i konsernet mottok tilstreккеleg løn, sett opp mot gjeldande referanselønner (ulike statistikkar på lønsnivå for bransjar og yrkeskategoriar, samt uformell benchmarking mot andre selskap i same bransje).

Sosial beskyttelse (S1-11)

Tilsette i konsernet er omfatta av sosialstønad gjennom offentlege ordningar og/eller ytingar tilbydd gjennom selskapet, mot tap av inntekt som følgje av større hendingar i livet som t.d. sjukdom, arbeidsløyse, arbeidsskade og erverva funksjonsnedsetting, foreldrepermisjon og pensjon.

Selskapet har ikkje tilsette som ikkje er omfatta av desse ordningane.

Helse og tryggleik (S1-14)

Hundre prosent av dei tilsette er ein del av HMS-systemet i verksemda. HMS-systemet er i tråd med norske standardar og lovverk.

Oversikt over arbeidsmiljøhendingar i konsernet i 2024:

Hending	Tal
Tal hendingar blant eigne tilsette som følgje av arbeidsrelaterte skadar eller uhelse	0
Tal hendingar blant arbeidstakarar i verdikjeda som følgje av arbeidsrelaterte skadar eller uhelse	0
Arbeidsrelaterte skadar hos eigne tilsette	0
Arbeidsrelaterte ulykker hos eigne tilsette	0
Arbeidsrelaterte dødsfall hos eigne tilsette	0
Arbeidsdagar tapt som følgje av arbeidsskadar, dødsfall mv.	185*

*Gjeld arbeidsskade påført i 2023.

Balansemål mellom arbeid og privatliv (S1-15)

Hundre prosent av dei tilsette har rett på familierelatert permisjon.

I 2024 var fordelinga slik over den delen av dei tilsette som tok ut familierelatert permisjon, etter kjønn:

Tok familierelatert permisjon	Tal	Prosent
Kvinner (tal / totalt tal kvinner)	1	3,3
Menn (tal / totalt tal menn)	2	2,3
Totalt (tal / totalt tal tilsette)	3	2,6

SOGN OG FJORDANE ENERGI BEREKRAFTSRAPPORT 2024

Kompensasjonsmålingar (lønns-gap og total kompensasjon) (S1-16)

Lønsskilnaden mellom kvinner og menn er på 11 prosent – definert som at kvinner si snittløn ligg på rett under 90 % av snittlønna til menn.

Skilnaden mellom høgast betalte tilsett og medianen av alle tilsette er kr. 1.240.200,-.

Hendingar, klager og alvorlege påverknader knytt til menneskerettar (S1-17)

Det har ikkje vore arbeidsrelaterte hendingar å rapportere på i 2024 i eiga arbeidsstyrke – verken hendingar, klager eller alvorlege menneskerettspåverknader som t.d. tvangsarbeid eller barnarbeid. Difor heller ingen tilknytte bøter, sanksjonar eller kompensasjonar i perioden. Det har heller ikkje vore rapportert nokre tilfelle av forskjellsbehandling, medrekna trakassering.



Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG
SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av
berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG
SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG
BRANSJESAMARBEID

Arbeidarar i verdikjeda (S2)

Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter
(SBM-3)

I dobbel vesentlegheitsanalisa har vi identifisert to vesentlege potensielt negative påverknader knytt til tema arbeidarar i verdikjeda:

Påverknad, risiko, moglegheit	Namn på påverknad	Skildring av påverknad, risiko, moglegheit
Potensiell negativ påverknad	Brot på anstendige arbeidsforhold på våre byggeplassar	SFE har potensiell negativ påverknad på arbeidarar på SFE sine byggeplassar, som følge av at hovudentreprenør kan leige inn underleverandørar i fleire ledd. Dette er noko som aukar risikoen for brot på anstendige arbeidsforhold.
Potensiell negativ påverknad	Brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold knytt til innkjøpte råvarer og materiell	SFE har potensiell negativ påverknad på arbeidarar i leverandørkjeda som følge av behovet SFE har for handel av materiell og eksempelvis elektromekaniske komponent. Grunngevinga er at det er knytt høg risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold til denne type varer.

Retningslinjer
(SBM-3)

SFE har utarbeidd etiske retningslinjer for leverandørar som ligg til grunn ved innkjøp og kontraktar. Desse skildrar hovudprinsippa for korleis konsernet sine leverandørar skal etterleve krav i gjeldande lover og reglar samt sentrale FN- og ILO-konvensjonar. Leveransar av varer og tenester til SFE skal vere i samsvar med desse krava. Retningslinja gjeld for konsernet sine leverandørar og leverandørkjeda deira, er vedteken av konsernstyre og publisert på SFE sine heimesider. Retningslinja dekker hovudtema personvern og tryggleik, miljø og klima, menneskerettar, arbeidsstandard, forretningsmetodar, roller og ansvar, samt oppfølging.


Vurdering av aktsemd
(SBM-3)

SFE har gjennomført steg 1 og 2 i OECD` s aktsomhetshjul. Det inneber at innkjøp er gruppert i kategoriar for å vurdere risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Det har vidare blitt gjennomført ei overordna risikovurdering for kategoriane ved bruk av følgande kjelder:

- DFØ si høgrisikoliste
- OECD sin sektorrettelrar
- ILO si oversikt over industriar med utfordringar knytt til arbeidsrettar
- CSR Risk Check av MVO Nederland

Den overordna risikovurderinga identifiserte kategoriar med høg risiko for brot på menneskerettar og arbeidsforhold og då særleg innan innkjøpskategoriane «Materiell», «Leverandørar» og «Entreprenørtjenester». Vurderinga er vidare at elektromekanisk utstyr, elektronikk og tekstil er produktkategoriar med høg risikoscore. Det er foreløpig ikkje avdekkja faktiske negative konsekvensar knytt til brot på menneskerettar eller arbeidsvilkår.

SFE vil arbeide vidare med å utvikle rutinar for vurdering av aktsemd.



Tiltak
(S2-4)

I kontraktar nyttar SFE standard kontraktsvilkår som stiller krav til grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

SFE har oppretta varslingskanal som eksterne aktørar kan nytte for å gi bekymringsmeldingar knytt til hendingar i sin relasjon eller i samarbeid med SFE. Varslingskanalen er offentlig og tilgjengeleg via SFE si heimeside. Varslar kan vere anonym eller med fullt namn. Sakshandteringa er sikra gjennom bruk av innloggingskode for varslar, slik at vedkomande kan følgje med på saka med tanke på informasjonstryggleik og framdrift.

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG
SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av
berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG
SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHETSKONTAKT OG
BRANSJESAMARBEID

4. Lokal verdiskaping

Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter

(SBM-3)

I dobbel vesentlegheitsanalisa har vi identifisert følgjande vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter knytt til tema lokal verdiskaping:

Påverknad, risiko, moglegheit	Namn på påverknad	Skildring av påverknad, risiko, moglegheit
Faktisk positiv påverknad	Økonomisk utbyte frå SFE til eigarar	SFE har positiv påverknad gjennom økonomisk utbyte til eigarar
Faktisk positiv påverknad	Økonomiske overføringar frå SFE til vertskommunar	SFE har positiv påverknad gjennom økonomiske overføringar til vertskommunar i form av skattar og avgifter
Faktisk positiv påverknad	Støtte til lokale initiativ	SFE har positiv påverknad på lokalsamfunn gjennom støtte og sponsorbidrag til ulike lokale initiativ eller investeringar som t.d. kulturelle tiltak og bidrag til idrettslag m.m.
Faktisk positiv påverknad	Bruk av lokale leverandørar og generering av arbeidsplassar	SFE har positiv påverknad på lokalsamfunn ved kjøp av tenester frå lokale leverandørar som gjev ringverknader i form av arbeidsplassar og auka økonomisk verdiskaping
Faktisk negativ påverknad	Usemje i lokalsamfunn som følgje av kraftutbygging	SFE sin aktivitet kan gi negativ påverknader på lokalsamfunna, særleg om det skjer bygging av vind- og vasskraft i natur- og friluftsområde som er viktige for lokalbefolkninga, som det medfører lokal usemje, splitting eller konflikt kring.
Moglegheit	Lokal forankring som gir moglegheiter	Tydeleg lokal forankring knytt til prosessane med utbygging av vass-, vind- og elektrifiseringsprosjekt, er vesentleg for SFE med tanke på å auke sannsynet for å få godkjend og gjennomført prosjekt i framtida.
Finansiell risiko	Manglande støtte til utbyggingsprosjekt i lokalbefolkninga	Dersom lokalsamfunna ikkje opplev at SFE bidreg positivt til lokal verdiskaping og utvikling, står vi i fare for å tape omdøme og redusere lokal aksept for utvikling og utbygging av nye energianlegg i framtida.

Retningslinjer

SFE har eit tydeleg samfunnsansvar knytt til å skape varige økonomiske verdiar for eigarane våre og lokalsamfunna. Fordi vi er offentleg eigd, vil ei lønsam og berekraftig drift gi stabile inntekter i form av utbyte til eigarar, noko som igjen kjem samfunnet til gode gjennom investeringar i infrastruktur, tenester og utvikling i regionen.

Ein viktig del av SFE sitt samfunnsansvar er også ein aktiv og konstruktiv eigardialog. Gjennom god og open kommunikasjon sikrar vi at vår strategi er i tråd med både eigarar og lokalsamfunnet sine interesser. Framover er fokus retta mot å auke informasjon til våre eigarar i forma av hyppigare møter og kvartalsvis informasjon, samt å vere «tett på».

Lokalsamfunna våre er ei viktig målgruppe. I policy for energi, berekraft, klima og miljø og i kommunikasjonsstrategien som er under arbeid legg opp til at SFE skal ha ein open og ærleg dialog, vere tilgjengelege og synlege i ulike kanalar (folkemøte, sosiale media, web, media og aktivitetar) og satse på sponsorsamarbeid som kjem lokalsamfunna til gode. I «policy for ytre miljø og vassdrag» er lokalsamfunn og medverknad vesentleg: SFE skal i all vår prosjektaktivitet ha aktiv og god dialog med, og vere lydhøyre ovanfor fråsegn og innspel frå styresmakter, representantar for ålmenne interesser og lokalbefolkning/grunneigarar, og ta dette med i egne vurderingar. SFE skal vere synleg og deltakande i lokale, regionale og nasjonale diskusjonar som vedkjem selskapet og kraftbransjen i miljørelaterte saker, og søkje samarbeid med andre aktørar i bransjen. Denne er også omtalt i kapittel E4.

I høve innkjøp har SFE ein strategi om at «SFE sine innkjøp skal bidra til best mogleg verdiskaping for SFE med lågast mogleg ressursbruk». Den skal også «medverke til at leverandørmarknaden vert utvikla i ein innovativ og berekraftig retning, samt bidra til leverandørutvikling ved å utarbeide konkurransegrunnlag som gjer at lokale leverandørar kan konkurrere på like vilkår som andre leverandørar». Innkjøpsstrategien er gjenstand for revidering i 2025, i samband med vidareutvikling av kvalitetsarbeidet og tilpassing til dei endringane som er gjort i konsernet dei siste åra. Strategien er ikkje offentleggjort. Den var vedteken av konsernstyret i 2021.

Retningsgjevande policy for utbyte tek utgangspunkt i konsernet sitt resultat etter skatt. Utbytet blir berekna utifrå modell vedteken av konsernstyret i august 2024.

Generalforsamlinga vedtek årleg dei beløpa som skal utbetalast. Styret vil alltid gjere ei vurdering av kva som er forsvarleg utbyte og vil derfor kunne avvike frå modellen når det er grunnar for dette. Nærare skildring av utbytepolitikken kjem fram av SFE-konsernet sine rekneskapsnotar (note 6 konsernnotar) og den er også offentleg på heimesida til SFE.

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5. MYNDIGHETSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

Tiltak

Kommunikasjon og dialog

Våre kraftverksprosjekt er omfatta av NVE sitt regelverk om konsesjonsavklaring, konsesjonssøknad, revisjonsinstituttet og konsekvensvurdering. I det norske konsesjonssystemet er det etablert prosessar for medverknad og høyring av rørdelpartar. Det gir grunneigarar, frivillige organisasjonar og andre lokale interessentar moglegheit til å uttrykke bekymring knytt til ytre påverknader som eit energiprojekt eller tiltak kan få. Det same gjeld for tiltak som fell inn under anna lovverk, t.d. plan- og bygningslova, som kommunane forvaltar. Generelt kan vi seie at eit kvart tiltak som ikkje er å sjå på som enkelt vedlikehald av eksisterande anlegg, må søkast om, og dermed må innom NVE eller kommunen som vurderer omfang av og gjennomføring av høyring, før eit vedtak kan fattast. Sjå også kapittelet om interessentar og interessentdialog.

I tillegg til formelle høyringsprosessar er tiltak som informasjonsmøte og synfaringar viktige for å gi interessentar moglegheit til å sjå planar, ytre sine meiningar, kome med innspel og synspunkt til moglege løysingar i eit prosjekt eller sak som angår dei, på eit tidleg stadium.

Vi har eit viktig samfunnsoppdrag og det betyr også ansvar med å ivareta natur og lokalområde. Når vi i 2024 har planlagt utbygginga av nye Øksenelvane har vi sett i gang eit prosjekt i lag med Ålfoten grendalag, der vi mellom anna ser på tillaging av eit friluftsområde for lokalbefolkninga og tilreisande.



Fritt ordskifte i media er jamleg nytta av interessentar, og SFE deltek ofte i debatten med faktainformasjon og innlegg eller svar på lesarinnlegg. I tråd med ny strategi akselererer vi kontakta vår med eigarar og styresmakter.

Bulyst

SFE ønskjer å vere ei drivkraft som bidreg til bulyst og aktivitet i lokalsamfunna våre. Ved å legge til rette for framtidige arbeidsplassar, kan unge kome heimatt til lokalsamfunna sine etter endt utdanning, gjerne med ein jobb hos SFE. For å lukkast med dette bygger vi kjennskap til SFE og energiproduksjon allereie frå barneskulealder.

Opplæringsaktiviteter

Saman med opplæringsinstitusjonar som Ungt Entreprenørskap og Vite Meir-senteret bidreg vi med inspirasjon og læring innan tema som energi, klima og miljø. Vi besøker barne- og ungdomsskular, der vi har med oss prosjekt og oppgåver innan energiproduksjon. Vi tek også imot skulebesøk, har elevar på utplassering og viser dei mangfaldet i arbeidsoppgåver og fagfelt hos oss. På vidaregåande trinn deltek vi på skulane sine utdanningsmesser, i tillegg til at vi reiser ut og fortel om SFE og dei ulike vegane inn i energibransjen. Årleg tilset vi også lærlingar innan energioperator-faget.

Vi har god kontakt med studentar, blant anna gjennom eit langvarig samarbeid med HVL (Høgskulen på Vestlandet). Der var vi ein pådrivar og økonomisk støttespelar for etableringa av elkraft-studiet i Førde. Vi deltek på mange utdanningsmesser, samarbeider med linjeforeiningar,

og tek i mot studentar på sommarjobb, oppgåveskriving og praksisplass. Gjennom Framtidsfylket sitt trainee-program tilset vi også nyutdanna trainee-ar.

Sponsorsamarbeid

Det er mange eldsjeler i lokalsamfunna våre og årleg støttar vi kring 60-80 lag, organisasjonar og arrangement som vi meiner bidreg til bulyst. Vi prøvar å fordele støtta vår geografisk, men prioriterer områda vi har aktivitet i. Sponsorstøtta går til lokale korps, kor, idrettsklubbar, frivilligsentralar og mange ulike arrangement gjennom året.

Ekstra kjekt er det å få til arrangement saman med fleire av sponsorsamarbeida våre. Dette fekk vi til då vi ville feire at kraftverka våre i Ålfoten fylte 70 og 50 år i 2024. Saman med det lokale grendalaget laga vi «Energidagen». Fleire av sponsorsamarbeida våre var med på arrangementet, blant anna Sogn og Fjordane skirins som stilte med hoppbakken og Vite Meir som stilte med energishow. SFE arrangerte omvising i kraftstasjonane, hadde stolpeklattring og energikamp for små og store. Ålfoten Hornmusikk fylte 60 år og fekk ei sponsorgåve på 30 000 kr frå SFE. Kring 300 personar besøkte arrangementet utanfor lokala til SFE i Åskåra og det vart ein fin fest for heile bygda.



Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID



Kraft i Vest

Kraft i Vest er vår årlege næringskonferanse på Sandane som samlar 300 engasjerte deltakarar frå bransje og region. I tillegg inviterer vi skuleklasser frå vidaregåande skule og frå Høgskulen på Vestlandet. Kraft i Vest er ein arena for kunnskapsdeling mellom academia, politikarar og næringsliv, med hovudvekt på energitema. Berekraft har ein fast plass på agendaen. Kraft i Vest arrangerer vi i lag med våre partnarar Sparebanken Sogn og Fjordane, Høgskulen på Vestlandet, Innovasjon Norge og Vestland Fylkeskommune.

Drivprisen

Drivprisen vart etablert i 2019 av SFE i lag med Innovasjon Norge, Sparebanken Sogn og Fjordane, Vestland Fylkeskommune og Høgskulen på Vestlandet. Drivprisen er ein grøn innovasjonspris. Den skal premiere og inspirere idear, teknologi og menneske som siktar på å bli ein viktig del av klimaløysinga. Vinnarane av Drivprisen vert kåra under Kraft i Vest-konferansen på Sandane. Vinnar i 2024 var Wergeland Group.

Mål

Konsernstyret har eit mål om eit minimumsutbyte på 150 millionar i år der utbyttet etter gjeldande utbytemodell blir lågare. Styret tek uavhengig av dette sikte på å betale ut eit minimumsutbyte på 150 millionar i år der utbyttet etter modellen blir lågare.

Nøkkeltal

Totalt fekk vertskommunane våre 185 MNOK i 2024 i form av skattar og avgifter, sjå tabellen under.

Nøkkeltal over inntekter for eigar- og vertskommunar

Nøkkeltal	Eining	2024	2023
Skatt som tilsette i SFE-konsernet bidreg med til kommunane	MNOK	36,7	32,5
Verdi av konsesjonskraft til kommunar	MNOK	36	58
Verdi av naturressursskatt til kommunar*	MNOK	20,1	19,5
Vindkraftavgift Fjaler	MNOK	3,1	2,2
Konsesjonsavgift	MNOK	15,1	11,3
Eigedomsskatt	MNOK	39,5	39,8
Utbytte til eigarkommunar med direkte eigarskap**	MNOK	34,8	17,1
Sum bidrag til vertskommunar	MNOK	185,3	180,4

I utbetalingar knytt til skatt og naturressursskatt er Fylkeskommunen trekt ut (*) i 2024. I utbetalingar knytt til utbytte (**) er Sogn og Fjordane Holding og Eviny trekt ut. Alle kommunar i gamle Sogn og Fjordane Fylke er medeigarar i Sogn og Fjordane Holding og har difor også indirekte eigarskap i Sogn og Fjordane Energi. Desse verdiane er heller ikkje med i tabellen ovanfor. Det er stor nedgang i verdi av konsesjonskraft i 2024, noko som skuldast nedgang i kraftprisen i NOS i 2024 i høve til 2023.

Bruk av lokale leverandørar

SFE-konsernet ynskjer å nytte lokale leverandørar så langt som dette er mogleg. Av totalt tal leverandørar som SFE konsernet hadde transaksjonar med i 2024, hadde 40,2 % av dei postadresse i gamle Sogn og Fjordane fylke. Andel innkjøp frå desse utgjorde 12,7 % av totale kjøp i konsernet i 2024. Ein stor del av innkjøpa er knytt til rehabilitering og vedlikehald av kraftverka. Det er for ein stor del nasjonale og internasjonale leverandørar på desse varene og tenestene, og dermed er andelen lokale leverandørar relativt låg på dette området.



Foto: Terje Aasland og Erna Solberg under Kraft i Vest-konferansen på Sandane.

Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG
SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av
berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG
SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG
BRANSJESAMARBEID

5. Myndigheitskontakt og bransjesamarbeid

Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter

(SBM-3)

I dobbel vesentlegheitsanalysa vart det identifisert ein påverknad og ein moglegheit:

Påverknad, risiko, moglegheit	Namn på påverknad	Skildring av påverknad, risiko, moglegheit
Potensiell positiv påverknad	Påverknad gjennom myndigheitskontakt og bransjesamarbeid	Positiv påverknad gjennom arbeid med å forsøke å påverke rammevilkår for fornybar kraft gjennom kontakt med myndigheiter og bransjesamarbeid (eks utvikling av verktøy og metodar til berekraftsarbeid).
Moglegheit	Moglegheiter gjennom myndigheitskontakt og bransjesamarbeid	Eit godt samarbeid med bransje og myndigheiter kan medføre eit auka fokus på fornybar energi og gi gode rammevilkår. Det kan skape moglegheiter for SFE.

Retningslinjer

Policy for rammevilkår og myndigheitspåverknad er ein del av SFE sin kommunikasjonsstrategi. Den definerer at SFE aktivt og tydeleg skal jobbe for rammevilkår som sikrar ei berekraftig og konkurransedyktig energiforsyning. SFE skal bidra til ein konstruktiv dialog med myndigheiter, beslutningstakarar og bransjeaktørar for å fremje løysingar som sikrar gode rammevilkår for verksemda og styrker verdiskaping i regionen. SFE vektlegg ein open, truverdig og proaktiv tilnærming med fagleg forankring og stor grad av kunnskapsdeling. Policyen er vedteken av SFE Produksjon sitt styre og ansvar for utføring av policyen ligg hos kommunikasjonssjef.

Tiltak

Energi og energipolitikk står sentralt både i Noreg, Europa og globalt, og har innverknad på mange ulike område i samfunnet. Det har difor stor verdi at lokale og sentrale styresmakter har god kjennskap til kraftbransjen og kva moglegheiter og utfordringar den står i. I dette har SFE eit ansvar.

SFE inviterer politikarar lokalt, på fylkesnivå, og sitjande og potensielle stortingsrepresentantar, SFE for å gi dei auka kunnskap om vår aktivitet. I 2024 hadde vi m.a. politiske representantar for styret i

Sogn og Fjordane Holding på kompetansetur med synfaring i Ålfoten. SFE heldt ei innleiing på Stortinget om moglegheiter og utfordringar knytt til å nå fornybarmåla og om våre forventningar til politikarane knytt til temaet.

Å vere oppdatert på regulatorisk utvikling, delta i bransjesamarbeid for å påverke rammevilkår og samarbeide med andre aktørar i bransjen er viktige tiltak for å møte endringane som stadig skjer i nasjonal energipolitikk og skattereglar som kan ha innverknad på SFE. SFE deltek aktivt i Fornybar Norge sine fora og nettverk som legg til rette for bransjesamarbeid innan ulike strategiske tema under fornybar-paraplyen. Forumet er arena for erfaringsutveksling, innspel og diskusjonar, og gir selskapa moglegheit til å samkøyre seg rundt tema og saker som er viktige for bransjen å samle seg rundt, uttale seg i eller utvikle. Vi trur at eit tett samarbeid med bransjen er ei god investering som bidreg til å påverke rammevilkår og korleis selskapa arbeider med berekraftsrelaterte tema i ei verd med sterke behov for endringar som bidreg til å skape fornybarsamfunnet. I denne samanhengen bidreg SFE i form av medlemskontingent til Fornybar Norge og med eigeninnsats i form av timar knytt til kompetansebygging og erfaringsutveksling.

SFE bidreg ikkje med finansiering av politiske parti eller gir støtte til institusjonar som ikkje er politisk nøytrale.

SFE sin største eigar er Sogn og Fjordane Holding, som består av Vestland fylkeskommune og alle kommunar i region Sogn og Fjordane. Eviny er nest største eigar, er representert i konsernstyret og er tett på verksemda på ein annan måte enn dei kommunale eigarane. I tillegg har enkelte kommunar eigarskap direkte. Vi har årlege møter med eigarane våre, som betyr politiske miljø på kommune- og fylkesbasis. I fjor presenterte vi vår nye strategi for kommunane Stad, Askvoll, Gloppen, Kinn, Bremanger og Sunnfjord.

SFE er eigd av:



Innhald

Konsernsjefens ord

1. BEREKRAFTIG SELSKAPSSTYRING

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten
Styring av verksemda

2. KLIMA, NATUR OG SIRKULARITET

EU-taksonomi
Status i høve miljømål
Klimaendringar (E1)
Biologisk mangfald og økosystem (E4)
Ressursbruk og sirkularitet (E5)

3. SOSIALE FORHOLD

Eigne tilsette (S1)
Arbeidarar i verdikjeda (S2)

4. LOKAL VERDISKAPING

5.MYNDIGHEITSKONTAKT OG BRANSJESAMARBEID

Vi inviterer som regel alltid rikspolitikarar til å halde innlegg på den årlege konferansen vår Kraft i Vest. I 2024 vitja både energiminister Terje Aasland, dåverande kommunal- og distriktsminister Erling Sande, Høgre-leiar Erna Solberg Kraft i Vest. I tillegg til deira innslag frå scena, inviterte vi Aasland og Solberg til eigne møter der vi fortalde om utbyggingsaktiviteten vår.

I november var SFE invitert til NHO sitt møte med stortingsbenkene til Sogn og Fjordane og Hordaland, der vi heldt ein presentasjon med tema «kva må til for at vi skal få bygd ut meir kraft i Vestland».

Kjelde til føremål og samarbeidspartnarar er henta frå nettsidene til prosjekta, intensjonsbrev og/eller artiklar om prosjekta på Fornybar Norge sine sider.

Forsking og utvikling (FoU)

SFE bidreg årleg med midlar og personell i ulike forskings- og utviklingsprosjekt initiert av forskingsinstitusjonar og/eller i samarbeid med brukarpartnarar i energibransjen. Det handlar om deltaking i bransjeprosjekt og forskingssentera som er relevante og nyttige for selskapet og energibransjen nasjonalt. Med det bidreg SFE til verdiskaping som gir ny kunnskap, kompetanseheving eksternt og internt, og utvikling av nye metodar og tekniske løysingar som trengs til det grøne skiftet. I 2024 var SFE involvert i desse forskingsprosjekta:

Namn	Føremål	Samarbeidspartnarar
FME = Forskings-senter for miljøvenleg energi	Senteret skal styrke Noreg sin posisjon som leiande vasskraftnasjon og sikre at norsk vasskraftsektor kan utnytte moglegheitene i framtidas energisystem. Arbeidspakker: Vasskraftkonstruksjonar, turbinar og generatortor, marknad og tenester, miljødesign. Senteret pågikk i perioden 2017-2024.	Over 70 nasjonale og internasjonale partnarar innan forskning, industri og forvaltning. NTNU, SINTEF Energi og NINA er hovudforskningspartnarar. Dei fleste norske vasskraftselskap, samt leverandørkjede og forvaltning er brukarpartnarar.
Excon – Grønn forvaltning av konstruksjoner for infrastruktur	Finne dei beste løysingane for å forlenge brukstida til eksisterande betongkonstruksjonar. Dam Hjelmevatn i Svelgen 2-anlegget er case i prosjektet og herifrå bidreg SFE med måledata knytt til alkalireaksjonar i betong.	Grøn plattform (Forskningsrådet og Innovasjon Norge), SINTEF (hovudeigar), Brukarpartnarar frå heile verdikjeda i næringslivet
Damsikkerhet i eit heilskapleg perspektiv	Ta i bruk kunnskap som utviklar damtryggleik i eit samfunnsoptimalt perspektiv.	Fornybar Norge, NVE, vasskraftselskap
Stabiliteten til oppstraums skråningsvern på fyllingsdammar bygga med den norske plas-tringsmetoden	Prosjektet skal gje ny kunnskap om kapasiteten og stabiliteten til den særnorske fyllingsdam-plastringa. Bidreg til gjennomføring av ein «nærings-PhD».	Fleire vasskraftselskap, NTNU, Norges Forskningsråd
Prosjektbasert natur-rekneskap	Utvikle ein metode for å designe fornybarprosjekt betre, ved at den mest verdifulle naturen unngåast og gode miljøtiltak og restaurering vert gjennomført. Ein heilskapleg metode skal bidra til å forbetre selskapa si berekraftsrapportering og gjere det mogleg å samanlikne prosjekt.	Fornybar Norge og medlemsbedrifter. Metodeutvikling frå konsulentmiljøa til Asplan Viak, Rambøll og Multiconsult. NVE og Miljødirektorat i referansegruppe.

Mål og nøkkeltal

SFE er i gang med å utvikle måltal for myndigheitskontakt og bransjesamarbeid for neste års rapportering. Det vil mellom anna handle om tal politiske møter. Nokre av dei vil inkludere besøk og synfaring på ulike lokasjonar.



Sogn og Fjordane Energi
Sørstrandsvegen 227
6823 Sandane

post@sfe.no
www.sfe.no

Telefon: 57 88 47 00



SFE